

Dagfinn Sjaastad Karlsen

## Diagnose og situasjon

Ein intervjustudie om skjønnnspraksis  
ved saksbehandling etter folketrygdlova § 12-5  
(**«hensiktsmessig behandling»**  
som vilkår for rett til uføretrygd)

19 945 ord

Masteroppgåve i språk og kommunikasjon i profesjonar

Rettleiar: Heidi Gilstad

Juni 2024



Kunnskap for ei betre verd



Dagfinn Sjaastad Karlsen

## **Diagnose og situasjon**

Ein intervjustudie om skjønnspraksis  
ved saksbehandling etter folketrygdlova § 12-5  
(``hensiktsmessig behandling``)  
som vilkår for rett til uføretrygd)

19 945 ord

Masteroppgåve i språk og kommunikasjon i profesjonar  
Rettleiar: Heidi Gilstad  
Juni 2024

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Det humanistiske fakultetet  
Institutt for språk og litteratur





# Samandrag

I denne masteroppgåva undersøkjer eg korleis saksbehandlarar i NAV konkretiserer vilkåret om at personen som krev uføretrygd, skal ha «gjennomgått hensiktsmessig behandling for å bedre inntektsevnen» (folketrygdlova § 12-5). At formuleringa i lova er vag, og at vagheit kan ha konsekvensar for omfanget av skjønn, er ein viktig premiss for prosjektet. Eg har intervjuat tre saksbehandlarar som alle skriv vedtak i uføresaker, og analysert korleis dei gjer greie for eigne vurderingar av kva som kan reknast som hensiktsmessig. Materialet er samla inn gjennom halvstrukturerte intervju og er analysert tematisk og retorisk. Informantane viser motstand mot å svara generelt på kva hensiktsmessig behandling er, og knyter alltid omgrepene til dokumentasjon om diagnose og situasjon i enkeltsak. Eg finn tydelege skilnader i måten fenomenet skjønn blir framstilt på, og konkluderer med at skjønnsrom òg er etisk rom.

# Abstract

In this master's thesis, I examine how caseworkers in the Norwegian labour and welfare administration concretise the legal requirement that individuals claiming disability benefits must have 'undergone treatment appropriate for improving their earning capacity' (national insurance act § 12-5). An important premise for the project is that the wording of the law is vague, and that vagueness may have consequences for scope of discretion. I have interviewed three caseworkers who all write decision letters in disability cases, and analysed how they account for their own assessments of what can count as appropriate. The data were collected through semi-structured interviews and analysed thematically and rhetorically. The informants signal resistance against giving general answers as to what appropriate treatment is, and always link the term to documentation of diagnosis and situation in the case in question. I find marked differences in the ways in which discretion as a phenomenon is accounted for and conclude that scope of discretion also is scope of ethics.

# Forord

Power is one good starting point in thinking about any human problem. But of course every starting point exacts a price, and when we start with power as our base term we tend to obscure certain distinctions, especially if we do not quickly throw other ingredients into our blender. And we are almost certain to fall into a self-privileging discourse, the kind that provides a special exemption of itself from the analysis. Like B.F. Skinner's theories of conditioned behavior, such languages can explain the production of every text except the text that provides the explanation.

Wayne C. Booth (1982, s. 45–46)

„Persönlichkeit“ auf wissenschaftlichem Gebiet hat nur der, der *rein der Sache* dient.

Max Weber (1919, s. 13)

Dette sat langt inne. Eg har erfart at eg ikkje er nokon akademikar – iallfall ikkje av temperament. Like fullt er det mykje av det som står på desse sidene, som eg ser på som meir enn berre sjargongtunge banalitetar.

Neste gong du som les dette, kjem over vendingar à la «etter en helhetlig vurdering ...» i skriv frå det offentlege, skal du vita at dei kan betre. Som borgarar skal vi ikkje slå oss til ro med at skjønn er «taus kunnskap». Også skjønnsbaserte avgjerder skal vera grunngitte, og uspesifikk gestikulering i retning av ein hermetisk heilskap avsendaren har danna seg i hjernens avlukke, er ussel grunngjeving.

Iblast kan skjønnet vera herleg snakkesalig. Informantane i denne studien har vist at det langt på veg er mogleg å gjera greie for skjønnsvurderingar. Eg takkar dei for at dei var så fine å prata med da eg intervjuja dei. Eg takkar også dei andre hos NAV Trøndelag som har lagt til rette for prosjektet mitt.

Takk til Heidi Gilstad for konstruktiv kjekling. Du var konstruktiv og eg kheklete.

Takk til mamma og pappa som trass sjukdom har vore utruleg greie å ha med å gjera.  
Takk til Unni og Leon som har tolta å dela hus med frustrasjonen.

Trondheim, juni 2024

# Transkripsjonsnøkkel

Teiknsetjinga i transkripsjonane er basert på ortografien i norsk normalprosa, jamfør tilrådingane til Språkrådet. Eg bruker også nokre konvensjonar som berre er vanlege i samtaleanalyse. Tabellen under gir ei forklaring på dei du vil støyta på.

I vedlegg 3 gjer eg greie for nokre av vala eg har gjort, i større detalj.  
Framstillinga under 3.2.3 i metodekapittelet er hakket mindre pedantisk.

EKSEMPEL	FORKLARING
A: Blir du med på hand[letur?] B: [Nei, det] er det siste eg vil!	Klammeparentes viser at samtaledeltakarane snakkar samtidig.
A: Har du lyst på is?= B: =Ja!	Er-lik-teiknet viser at det ikkje er opphald mellom ytringane/turane.
(pause) (utydeleg) (kremt)	Parentes blir berre brukt til kommentarar. Orda i parentes har ikkje vorte uttalte i samtalen.
Det er vel ikkje 'min feil! @@@	Primteiknet indikerer emfatisk trykk på neste ord eller staving. I oppgåva «omset» eg iblant primteiknet til skråstilt skrift. Latter: éin snabel-a per «staving»
@Vart@ @du@ @redd@, @eller@?	Lattermild tale

# Innhold

Transkripsjonsnøkkel .....	viii
<b>1 Innleiing.....</b>	<b>11</b>
<b>1.1 Bakgrunn.....</b>	<b>11</b>
<b>1.1.1 Hensiktsmessig behandling som vilkår for uførretrygd .....</b>	<b>11</b>
<b>1.1.2 Skjønn som kommunikasjonutfordring.....</b>	<b>11</b>
<b>1.1.3 Problemstilling .....</b>	<b>13</b>
<b>1.2 Prosjektets relevans og formål.....</b>	<b>13</b>
<b>1.2.1 Avgrensing: om bruksretta språkvitskap og tilhøvet til juss .....</b>	<b>13</b>
<b>1.2.2 Makspråk, skjønn og rettstryggleik .....</b>	<b>14</b>
<b>1.2.3 Om behovsprøving som løysing og utfordring .....</b>	<b>15</b>
<b>1.3 Tidlegare forsking .....</b>	<b>16</b>
<b>1.4 Strukturen i oppgåva.....</b>	<b>16</b>
<b>2 Teoretiske nøkkelomgrep.....</b>	<b>18</b>
<b>2.1 Samhandling .....</b>	<b>18</b>
<b>2.2 Vagheit og skjønnsrom .....</b>	<b>19</b>
<b>2.3 <i>Fronesis</i> og taus kunnskap .....</b>	<b>20</b>
<b>2.4 Intertekstualitet og adressivitet .....</b>	<b>20</b>
<b>3 Metode .....</b>	<b>22</b>
<b>3.1 Førebuingar og etiske vurderinger.....</b>	<b>22</b>
<b>3.1.1 Framdrift.....</b>	<b>22</b>
<b>3.1.2 Etiske vurderinger .....</b>	<b>22</b>
<b>3.2 Innsamling og behandling av datamaterialet.....</b>	<b>23</b>
<b>3.2.1 Intervjuguide .....</b>	<b>23</b>
<b>3.2.2 Gjennomføring av intervju .....</b>	<b>23</b>
<b>3.2.3 Transkribering.....</b>	<b>24</b>
<b>3.3 Analytisk tilnærming .....</b>	<b>26</b>
<b>3.3.1 Tematisk analyse.....</b>	<b>26</b>
<b>3.3.1.1 Frå enkeltord til overordna tema .....</b>	<b>27</b>
<b>3.3.2 Retorisk diskursanalyse .....</b>	<b>29</b>
<b>4 Diagnose og situasjon: analyse .....</b>	<b>32</b>
<b>4.1 «Fryktelig vanskelig å svare på generelt grunnlag» .....</b>	<b>33</b>
<b>4.1.1 Oppsummering .....</b>	<b>36</b>
<b>4.2 «OK, sånn er det».....</b>	<b>37</b>
<b>4.2.1 Oppsummering .....</b>	<b>41</b>
<b>4.3 «Da må man kanskje se for seg en diagnose, da» .....</b>	<b>42</b>

4.3.1	Oppsummering .....	44
4.4	«Du har det sånn og sånn og sånn» .....	46
4.4.1	Oppsummering .....	48
5	Drøftingar .....	49
5.1	Hovudfunn .....	49
5.1.1	Koherens og konkretisering.....	49
5.1.2	Retoriske ressursar.....	49
5.2	Kva er skjønn? .....	50
5.2.1	Vagheit, skjønnsrom og dømmekraft.....	50
5.2.2	Skjønn og ansvar .....	51
6	Konklusjon .....	52
	Referansar .....	53
	Vedlegg .....	60

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

### 1.1.1 Hensiktsmessig behandling som vilkår for uføretrygd

Om lag ein tredjedel av statsbudsjettet er sett av til arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV) (meld. St. 33 (2015–2016), s. 81). Etter alderspensjon er uføretrygd den største utgiftsposten desse midla skal dekkja (regjeringen.no, 2021). Retten til uføretrygd avheng av at personen «har gjennomgått hensiktsmessig behandling for å bedre inntektsevnen» (folketrygdlova § 12-5 første ledd). Kva behandlingsformer som blir vurdert som hensiktsmessige, vil i stor grad vera eit spørsmål om skjønn.

At personen ikkje oppfyller vilkåret om hensiktsmessig behandling, er det vanlegaste heimelsgrunnlaget for avslag på krav om uføretrygd (NTNU samfunnfsforskning, 2022). Avgjerder som er tatt etter den aktuelle paragrafen, er også blant dei NAV behandlar flest klagar på (Mandal mfl., 2016, s. 192). Refsdal (2008) omtaler vilkåret som «særlig skjønnsmessig og vagt» (s. 80). Stuen og Eriksen (2008) peiker også på at vague og upresise formuleringar i velferdslovgjevinga har konsekvensar for skjønnet:

Mange av bestemmelsene i folketrygdloven, sosialtjenesteloven, barnevernloven er vagt og upresist formulert, og det gis få eller ingen uttømmende regler i forhold til hvilken behandling og/eller tiltak som skal iverksettes, og hva som er riktig å gjøre i det enkelte tilfellet. Vi kan dermed utlede at skjønn i en velferdsstatlig kontekst er komplekst. (Stuen & Eriksen, 2008, s. 5).

Saksbehandlarane hos NAV skal altså skriva vedtak med potensielt store konsekvensar for enkeltmenneske dei aldri møter, med utgangspunkt i rettsreglar som er vague og upresise. Korleis gjer dei greie for eigen skjønnspraksis under denne føresetnaden? Spørsmålet er utgangspunktet for masteroppgåva du no les.

Empirien i prosjektet henta inn gjennom individuelle intervju med tre saksbehandlarar som alle jobbar med uføresaker. Formålet med intervjuva var å få eit datamateriale som eignar seg til språkvitskapleg undersøking av skjønnets rolle i saksbehandlinga. Eg spurde informantane om korleis dei går fram når dei skal fylla uttrykket hensiktsmessig behandling med konkret innhald. Vidare bad eg dei om ikkje å kjenna seg bundne av mine vinklinger, men i staden leggja opp framstillinga slik dei sjølve syntest høvde best. Metoden ved innhenting av intervjudata var med andre ord berre halvstrukturert frå mi side (jf. Skilbrei, 2019, s. 68, 155–156), med vel førebudde hovud- og oppfølgingsspørsmål, men også med eksplisitt oppmoding til informantane om å fortelja så fritt som mogleg om tema eg spelte inn. Materialet består såleis av *forteljingar* om korleis forvaltnings-skjønn blir praktisert, og det er desse forteljingane eg har analysert. Studien skal gi innsikt i korleis informantane presenterer, forklarer og legitimerer vurderingar dei gjer når dei behandlar uføresaker.

### 1.1.2 Skjønn som kommunikasjonutfordring

Lover og reglar må vera formulert generelt nok til at dei kan dekkja heile spekteret av enkelttilfelle dei skal brukast på. Det fører typisk til at lovspråket blir vagt. Nordrum (2021) understrekar at slutning frå «generelle formuleringar til konkrete situasjoner

(subsumsjon)» er heilt grunnleggjande i eit velfungerande regelsystem (s. 206–207). Skjønnsvurdering er ofte ein føresetnad for at reglar i det heile tatt kan praktiserast. Regelen legg føringar for skjønnet («lovbunde skjønn», jf. Heum, 2014, s. 14), men utan enkeltsaker og skjønnsmessig fortolking og vurdering får regelen aldri konkret innhald.

Skjønnet har såleis ei medierande rolle i tilhøvet mellom det generelle lovspråket og det kaotisk konkrete livet. Eit viktig forvaltningsrettsleg prinsipp er at avgjerda skal henga saman med reglane ho er baserte på. Samanhengen mellom regel og sak skal gå fram av vedtaket: Ifølgje forvaltningslova skal enkeltvedtak skal vera grunngitte (§ 24). Kravet til grunngjeving betyr for det første at resonnementet bak vedtaket må vera heimla i lov (§ 25 første ledd). Vidare skal vedtaket visa kva «de faktiske forhold» det byggjer på, er (§ 25 andre ledd). Forvaltningslova omtaler skjønnsvurdering særskilt: «De hovedhensyn som har vært avgjørende ved utøving av forvaltningsmessig skjønn, bør nevnes» (§ 25 tredje ledd).

Forvaltingsskjønnet opererer i grensesnittet mellom det generelle og vase på den eine sida og det partikulære og konkretiserte på den andre sida. Det er her det skal skapa mening og heilskap, ta avgjørder og formidla dei. Derfor kan vi sjå på skjønn som ei kommunikasjonsutfordring. Heum (2014) bruker uttrykket *skjønnskompetanse* (s. 108), som siktar til samansett kunnskap og dugleik på mange område, til dømes kjennskap til lovverk og rammevilkår, evne til å sjå samanheng i komplekse sakstilhøve, praktisk erfaring og vilje til kritisk refleksjon. Heum peiker på jussen som særleg definerande for forvaltingsskjønnet. Samtidig poengterer han at eigarskap til profesjonelt skjønn går att i alle profesjonar. Vurderingane forvaltinga skal gjera, er tverrfaglege og komplekse. Skjønnsutøving blir dermed eit samspel mellom ulike profesjonar og fag (s. 108–109).

Skjønnets oppgåve i saksbehandlingspraksisen eg undersøkjer her, er å avgjera om søkeren «har gjennomgått hensiktmessig behandling» (folketrygdlova § 12-5 første ledd). Målet med behandlinga skal ha vore å bidra til at personen får betre inntektsevne. Vurdering av om vilkåret er oppfylt, skal vera basert på dokumentasjon frå lege eller annan fagperson (jf. folketrygdlova § 12-5 tredje ledd). Dermed blir legens profesjonelle skjønn ei viktig kjelde som forvaltingsskjønnet byggjer på når «de faktiske forhold» (jf. forvaltningslova § 25 andre ledd) i saka skal etablerast.

Mens vi kan sjå på fakta slik ordet blir brukt til kvardags, som ein epistemisk kategori – eit namn på *fenomena vi ikke kan ønske vekk* (jf. Berger & Luckmann, 1966/1991, s.13) –, vil det rettslege perspektivet vera at fakta blir *fastsett* (jf. Jerkø, 2014). Saksbehandlaren vel ut opplysningsane som til saman skal reknast som faktum i saka. Slik blir «faktafastsettelse», som juristane gjerne seier, ein rettsleg – og derfor språkleg – operasjon. Denne måten å forstå det på kan med fordel lesast som ei form for konstruksjonisme (jf. 2.1 under). Med ei stolen formulering kan vi hevda at rettslege fakta er «et flydende, ustabilt og flertydig fænomen», ein forståingskategori som blir skapt av og i diskursen (Mik-Meyer & Järvinen, 2005, s. 9–14).

Sjølv om omgrepet skjønn i utgangspunktet viser til «yrkesutøernes handlingsfrihet og autonomi» (Stuen & Eriksen, 2008, s. 3), er ikkje fridommen og autonomien absolutt. Skjønnet og saksbehandlarane sitt handlingsrom er også *negativt* definert – begrensa – av politiske standardar, rettsreglar, institusjonelle føringar og sosiale normer (s. 4). I denne lista vil eg gjerne leggja til *andres* skjønn og fagkompetanse; i uføresaker er det nemleg dokumentasjon frå medisinsk fagpersonell saksbehandlarane må forankra vedtaka sine i.

Skjønnet slik det blir praktisert, er tett vove saman med politisk, rettsleg og medisinsk diskurs. Derfor blir det heller ikkje riktig å sjå på individets suverene dømmekraft som skjønnets grunnvilkår. Skjønnet blir utøvd i interaksjon med eit mangfald av tekstar, diskursar og omsyn med røter heilt andre stader enn i saksbehandlaren som individ. Med fenomenologisk terminologi kan vi seia at også profesjonsutøvaren som bruker skjønn, gjer det i utveksling med verda hen er kasta ut i (jf. Heidegger; i Wheeler, 2020, s. 34). Ein av premissane for denne oppgåva er at forvaltingsskjønn kan undersøkjast som sosial praksis og kommunikativt fenomen.

### 1.1.3 Problemstilling

Kva legg saksbehandlarane vekt på når dei gjer greie for eigen skjønnspraksis ved vurdering av om hensiktsmessig behandling etter folketrygdlova § 12-5 er gjennomgått? Denne hovudproblemstillinga brytast opp i tre underkomponentar:

- Korleis skaper informantane koherens i framstillinga?
- Korleis konkretiserer dei omgrepene hensiktsmessig behandling?
- Kva retoriske ressursar trekkjer dei veksler på?

Tidleg i prosjektet var eg opptatt av sjølve omgrepene hensiktsmessig behandling og nysgjerrig på korleis informantane forstod lovteksten. Etter kvart, ikkje minst under intervjuet, gjekk det opp for meg at omgrepene alltid var knytt til dokumentasjon i enkelt-sak. Rett nok har utgangspunktet heile tida vore ein bestemt lovparagraf, men med unntak av vagheita (jf. 2.2 under) i vilkårsformuleringa er heimelsgrunnlaget nokså ukomplisert. Det som vart ståande som det fagleg interessante, var korleis skjønn-vurdering fungerer som mekling mellom lovkrav og dokumentasjon. Også rettsleg speler dokumentasjonen ei særleg viktig rolle (folketrygdlova § 12-5 tredje ledd), men det var erkjenninga av at informantane konsekvent knyter omgrepene til enkeltsaker, som gjorde at eg måtte gi avkall på definisjonane. Dette illustrerer eit poeng eg kjem attende til: Ord får først mening i dialog og samhandling (jf. 2.1 under).

Underveis har eg stadig mint meg sjølv på at materialet består av *forteljingar* som eg har vorte fortalt. Det eg har undersøkt, er korleis skjønnspraksis blir etablert retorisk og interaksjonelt i intervjustituasjonen.

## 1.2 Prosjektets relevans og formål

### 1.2.1 Avgrensing: om bruksretta språkvitskap og tilhøvet til juss

Forskningsinteressene i prosjektet er forankra i den praksisorienterte og tverrfaglege (jf. Smeby, 2003) greina av språkvitskapen som går under nemninga språk og kommunikasjon i profesjonar. Eg har konsentrert meg om å forstå korleis informantane framstiller, forklarer og legitimerer skjønnsprega saksbehandling som *profesjonell praksis* (Sarangi, 2005, s. 371). Formålet med faget er å bidra med kunnskap som kan kasta lys over *real-world problems* i samanhengar der språk og kommunikasjon står sentralt (s. 374). Termen anvend språkvitskap er den etablerte. Sjølv synest eg at *bruksretta*, som også er det Språkrådet (2017) tilrår, er vel så godt. Det vi undersøkjer, er nettopp språk i bruk.

Ein kan tenkja seg eit masterprosjekt i juss med liknande hovudproblemstilling som mi. At dette er ei masteroppgåve i språkvitskap, gjer at enkelte spørsmål det ville ha vore naturleg å ta opp i andre samanhengar, ikkje er like aktuelle. Eg har til dømes ikkje vore opptatt av å beskriva rettstilstanden på uføreområdet. I juss ville nok det ha vorte

vurdert som ein mangel. Eg har heller ikkje systematisert alle dei faktuelle og rettslege omsyna informantane nemner.

Ifølgje eit rundskriv frå Arbeids- og velferdsdirektoratet (2015/2024) betyr vilkåret i folketrygdlova § 12-5 «at all medisinsk behandling som kan bidra å føre personen tilbake til arbeidslivet, skal forsøkes» (mi utheting). Tidleg i det eine intervjuet framstilte informanten vilkåret på same måte (intervju 2, s. 1). Rettsleg sett er ikkje innhaldet i rundskrivet på dette punktet uproblematisk. Mandal mfl. (2016) peiker på at Trygde-rettens historisk sett har vurdert hensiktsmessig behandling meir liberalt enn NAV: For at ein gitt type behandling skal reknast som hensiktsmessig, må behandlinga gi *realistiske* utsikter til betring. At betring er ei *mogleg* følgje av behandling, er ifølgje Trygderetten ikkje nok (s. 166). Her vil juristen rimelegvis vera ute etter best mogleg kunnskap om rettstilstanden. Eg har ei anna tilnærming: Det interessante er korleis saksbehandlarane balanserer spenningar mellom ulike måtar å forstå reglane på mot kvarandre. Kva ressursar tar dei i bruk når dei gjer greie for korleis dei nавigerer i og skaper heilskap av omsyna i saka?

Både juristen og språkvitaren observerer at det finst fleire tekstar som seier noko om dei rettslege føresetnadene for saksbehandlinga. Der juristen vil gripa etter argumenta i seg sjølve og mekla mellom dei, er språkvitaren opptatt av dynamikken tekstane imellom og av måten saksbehandlarane bruker dei på. Også språkvitaren kan ha nytte av å forstå rettslege argument, men det er ikkje dei som er studieobjektet. Studieobjektet er den sosiale praksisen som knyter seg til tekstane argumenta figurerer i – samspelet mellom tekst, kontekst og profesjonsutøvar (jf. Heller, 2001, s. 257–260). Formålet med denne oppgåva er å visa korleis eg med språkvitskapleg tilnærming har fått forvaltnings-skjønet som tar avgjelder under vase føresetnader, i tale.

### 1.2.2 Maktspråk, skjønn og rettstryggleik

Leiar for Universitetet i Oslo si satsing på juridisk klarspråk Jon Christian Nordrum karakteriserer «det vase lovspråket» som eit spesielt interessant forskingsområde (Nordrum, 2021, s. 206–207). I ein podkast om temaet beskriv han jussen som makta sitt språk: «Jussen er det språket som avgjør om folk får rett eller har plikt» (sitert i Universitetet i Oslo, 2023). Av dette synspunktet følgjer det at måten forvaltninga formulerer seg på, kan ha konsekvensar for rettstryggleiken. I eit intervju i artikkelserten *#SkrivRett* understrekar også tidlegare høgsterettsdommar Kirsti Coward at det er ein samanheng mellom rettstryggleik og det at borgarane forstår språket rettar og plikter blir formidla i. Til liks med Nordrum ser Coward særlege utfordringar med vagt og skjønnsmessig lovspråk: «[I] den grad det er mulig, bør man forsøke å unngå henvisninger til rimelighet og den typen skjønnsmessige begreper» (sitert i Jonassen, 2020).

Nordrum (2021) peiker på at vagt lovspråk stiller ekstra høge krav til bruk av skjønn (s. 206–207). Forvaltningslova krev at vedtak blir grunngitte. Vilkåret om hensiktsmessig behandling utfordrar såleis saksbehandlarane si evne til tolking, vurdering og grunngjeving. Oppgåva med å omsetja generelle lovkrav til konkrete avgjelder på bakgrunn av relevant dokumentasjon i enkeltsaker – og samtidig å formidla korleis dei etablerer samanheng mellom lovkravet og dokumentasjonen – rører ved sjølve kjernen i skjønnsmålet.

Stuen og Eriksen (2008) observerer at skepsis til bruk av skjønn er utbreidd. Det problematiske ligg i at skjønn kan opna for «ulikebehandling og uforutsigbarhet» (s. 2). Stridsspørsmålet, hevdar dei, er om bruk av skjønn trugar rettstryggleiken til borgarane,

eller om skjønnet tvert imot fungerer som ein skapande mekanisme som finn individuelt tilpassa løysingar og dermed bidrar meir rettferdige avgjerder. Både saksbehandlaren og legen fungerer som vaktarar av tilgangen til offentlege gode. På den eine sida skal dei ta avgjerder som har konsekvensar for velferda til den enkelte. Samtidig skal dei vareta interessa allmenta har av ikkje å øyda felles ressursar. Skjønnet som kjennteiknar uføresaker, kan karakteriserast som *portvaktkjønn* (s. 3; Terum, 2003, s. 11; jf. Erickson (2011) om portvaktsfunksjonen analysert som interaksjon (s. 436–438)).

### 1.2.3 Om behovsprøving som løysing og utfordring

At det å vera mottakar av behovsprøvd ytingar frå det offentlege kan opplevast stigmatiserande, er ein av dei vanlegaste grunnane til at slike velferdspolitiske løysingar iblant blir kritiserte (jf. Fitzpatrick, 1999, s. 56–57; Garnham, 2019). Kravet om at ein skal dela private opplysningar av den typen som skal dokumentera at ein har rett til uføretrygd, kan vera krenkjande. Iblant blir det jamvel hevda at somme av krava NAV stiller til enkelte av dei som krev uføretrygd, i røynda er destruktive. I ein rapport utarbeidd på oppdrag frå Norges ME-forening blir NAV kritisert for å stilla krav som ikkje berre er gagnlause, men som også gjer folk meir sjuke (Schei, 2024, s. 12–13).

I ein oversiktsartikkel oppsummerer van Oorschot (2002) dei ulike argumenta for og mot behovsprøving. Forfattaren identifiserer både økonomiske, politiske og kulturelle argument for behovsprøving. Ifølgje forfattaren er ein av gevinstane behovsprøving gir, reduksjon i offentlege utgifter kombinert med sosial utjamning (van Oorschot, 2002, s. 174). Vidare sikrar behovsprøving at det berre er dei som verkeleg treng hjelp, som får det. Utfordringa er at behovsprøving medfører administrative kostnader, og at saksbehandlingsbehovet aukar faren for feil og urettferdige vedtak (s. 174–175). Ordningane kan også bli ei «fattigdomsfelle», føra til stigmatisering og hindra integrering (s. 175–176). Dessutan er ikkje behovsprøvd velferdsordningar alltid er like treffsikre: Ikkje alle som treng hjelp, får den hjelpa dei skal ha rett på (s. 181–186).

Det økonomiske argumentet for selektiv målretting av velferdsordningar slik at ein kan halda talet på mottakarar og det totale omfanget av ytingane i taumane, er ein viktig premiss for velferdspolitikken i Noreg. I stor grad dreier det seg om omsynet til effektivitet og konkurranseevne (jf. van Oorschot, 2002, s. 171): Dersom det er for enkelt å få velferdsytingar frå det offentlege, vil dette bli eit incentiv til ikkje å vera i arbeid sjølv om ein kan. Eit overordna mål for ordningane NAV forvaltar, er nettopp at dei skal bidra til å få fleire i arbeid (meld. St. 33 (2015–2016), s. 12). Dette blir omtalt som «arbeidslinja» (st.meld. nr. 9 (2006–2007), s. 13; Persen, 2023).

Terum (2003) poengterer at ein må skilja mellom behovsprøving og skjønn. Skjønnets form og omfang varierer med type velferdsordning (s. 104–105). Når Stortinget har vedtatt lover med «vide og diffuse begrep», skriv forfattaren, «kan det nettopp være fordi de finner det mest hensiktsmessig å overlate tolkningen til den som skal iverksette ordningen» (s. 104). Terum slår fast at rolla som portvakt stiller store krav til «refleksjon over egen subjektivitet» (s. 172–173).

På denne bakgrunnen er det rimeleg å hevda at meir kunnskap om skjønnspraksis i uføresaker kan vera verdifull – både av samfunnsøkonomiske omsyn og av omsyn til den enkeltes rettstryggleik. Ein av informantane mine sa det enkelt og godt: «Jeg vil jo gjerne innvilge til alle som søker om det og trenger det!» (intervju 2, s. 19).

## 1.3 Tidlegare forsking

I 2016 publiserte Sintef ein stor rapport om omfanget av og årsakene til at vedtak i NAV blir omgjorte (Mandal mfl., 2016). Rapporten er basert på omfattande data samla inn med både kvalitative og kvantitative metodar. I tillegg til kvalitative intervju på ulike nivå i NAV-systemet og i Trygderetten drøftar forfattarane også det rettslege og organisatoriske rammeverket. Uføresaker får særskild omtale. Forfattarane karakteriserer regelverket som fagleg utfordrande og slår fast at det er behov for betre dokumentasjon og betre skrivne vedtak (s. 191). I intervju med saksbehandlarar var det nettopp folketrygdlova § 12-5 som peikte seg ut som det vanskelegaste punktet (s. 191–192).

I ei masteroppgåve i juss rettar Refsdal merksemda mot vilkåret om hensiktsmessig behandling, som han kallar «særleg skjønnsmessig og vakt» (Refsdal, 2008, s. 80). Han peiker på at nesten 30 % av sakene som kjem opp i Trygderetten, blir omgjorte eller oppheva (s. 81). Etter Refsdals syn viser dette at skjønnsvurderingar på området er spesielt utfordrande.

Kane (2018) har undersøkt kva omsyn som er førande ved grunngjeving av NAV sine vedtak i saker om arbeidsavklaringspengar og sosialhjelp. Studien er basert på halvstrukturerte intervju med saksbehandlarar i kombinasjon med dokumentanalyse og rettsdogmatisk metode (kartlegging av rettstilstanden; s. 317). Forfattaren drøftar tilhøvet mellom grunngjeving og forvaltingsskjønn i lys av korleis juridisk kunnskap, etatsinterne rutinar og tidspress påverkar måten vedtaka blir skrivne på. Ein av konklusjonane er at NAV bør skilja tydelegare mellom fakta og vurderingar (s. 326). Kane peiker på at vedtak med godt utforma grunngjeving er viktige for rettstryggleiken fordi dei bidrar til å gjera skjønnsvurderingane forståelege (s. 328).

Dall (2020) har gjennomført ein kombinert intervju- og observasjonsstudie av tverrfaglege rehabiliteringsteam ved jobbsenter i tre danske kommunar og analysert korleis medlemmane fordeler profesjonelt ansvar innanfor teamet og organisasjonen. Datamaterialet er analysert med tematisk orientert diskursanalyse (s. 84–85), med vekt på *accounts* (Scott & Lyman, 1968; jf. kap. 3 under). Informantane har svært samansett profesjonsbakgrunn og har i oppgåve å vurdera tiltak som passar den enkelte borgaren, på grunnlag av spesialisert kunnskap på sitt felt. Eit av funna er at informantane handterer utfordringane dei møter, både gjennom samarbeid og ved å søkja legitimitet i skjønnsvurderingar med rot i eigen profesjon og fagidentitet (s. 84–85). Informantane gir uttrykk for ambivalens knytt til forventninga om å retta seg etter lovkrav dei ikkje alltid meiner er til borgarens beste (s. 87). Forfattaren identifiserer ein tendens til å gjera moralske atterhald til eit personleg samvitsspørsmål som er kopla frå det profesjonelle ansvaret, som i sin tur blir meir teknisk orientert (s. 89).

Boka *Portvakt i velferdsstaten* (Terum, 2003) er skriven før NAV-reforma og handlar om ein etat som er organisert heilt annleis i dag. Likevel er mange av funna og drøftingane enno relevante for å forstå portvaktfunksjonen og skjønnspraksis i NAV.

## 1.4 Strukturen i oppgåva

Etter innleiingskapittelet presenterer eg teoretiske nøkkelomgrep i kapittel 2. I kapittel 3 gjer eg først kort greie framdrifta i prosjektet. Deretter skriv eg om nokre av dei etiske aspekta. Vidare forklarer eg korleis datamaterialet er samla inn og behandla, før eg presenterer dei analytiske hovudmetodane. I kapittel 4 analyserer eg fire utdrag som alle kastar lys over forståingskategoriane *diagnose* og *situasjon*. Eg argumenterer for

at desse kategoriane er dei som best speglar den tematiske rikdommen i materialet. I kapittel 5 oppsummerer og drøftar eg funna i studien med utgangspunkt i problemstillingane i innleiingskapittelet. Konklusjonen er eit eksperiment med akademisk skjønn.

## 2 Teoretiske nøkkelomgrep

I dette kapittelet gjer eg kort greie for nokre teoretiske omgrep som er viktige i tilnærminga mi til datamaterialet. Først presenterer eg konsekvensane av å sjå på språk og kommunikasjon som samhandling. Deretter klargjer eg kva eg meiner med vagheit. Vidare knyter eg fenomenet skjønn til *fronesis* og problematiserer ei vanleg oppfatning av at ein må sjå på det som «taus kunnskap». Til slutt gjer eg greie for omgropa *intertekstualitet* og *adressivitet*, som konseptuelt heng saman med samhandlingsperspektivet.

### 2.1 Samhandling

Ein hovudpremiss i denne oppgåva er at uttrykket hensiktsmessig behandling er vagt, og at dette kan ha konsekvensar for skjønnsvurdering. Stuen og Eriksen (2008) peiker på det same (jf. 1.1.1 over). Vi har også sett at Nordrum (2021) tar til orde for meir forsking på vagt lovspråk – nettopp fordi det stiller så høge krav til bruk av skjønn (s. 206–207). Eg er altså ikkje aleine om å meina at det er koplingar mellom det vase og det skjønnsmessige som det er verdt å utforska.

I ein viss forstand er det ingen ord som ikkje på noko vis er vase. Språk og meiningsinnhald vil aldri vera stabile fenomen. Mikhail Bakhtin karakteriserte språket som grunnleggjande *dialogisk*. Ord og ytringar har tydingspotensial i kraft av at dei alltid er «lånte» frå tidlegare ytringar: «Orda i språket tilhører ingen» (Bakhtin, 1998, s. 31). Justesen (2005) poengterer at menneskelege og teknologiske ressursar – inkludert språklege – er ustabile element som får tyding frå samanhengen dei blir brukte i (s. 221); meinung oppstår «i nettverk». For eigen del kan eg leggja til at orda i lovverket ikkje er noko unntak. Schartum (2012) omtaler observasjonar som denne siste som «noe ganske selvfølgelig» (s. 30). Ei målsetjing om å laga klare definisjonar av alt som er vagt, ville ha ført til kronisk akselererande oppsvulming av språket:

I en lovtekst av noe omfang må det nødvendigvis benyttes en lang rekke vase ord og uttrykk, og mange av disse kan sies å være viktige for forståelse av lovteksten. Også lover som i dag har lengre lister av legaldefinisjoner, ville ha fått et langt større antall definisjoner dersom alle viktige og vase ord og uttrykk skulle defineres i loven. (Schartum, 2012, s. 30).

Den retninga av språkvitskapen som denne studien hører til, blir kalla *interaksjonistisk*. For det første betyr dette at ein ser på språk som praksis snarare enn som system. Språk er eit dynamisk fenomen som blir til i samhandling. Derfor kan ikkje språklege og kommunikative fenomen kan reknast som «forklarte» berre på grunnlag av at dei er konsistente med eit eller anna teoriinternt prinsipp. I staden forklarer ein kommunikative fenomen ved å visa korleis dei er forankra i sosial funksjon (Thomas, 2020, s. 63). Det vitskapsteoretiske utgangspunktet er dermed annleis enn i den tradisjonelle lingvistikken, som studerer språket som formalobjekt meir eller mindre uavhengig av kontekst. Mens lingvistisk teori baserer analysen på ein tenkt «ideal speaker-listener» (Chomsky, 1965, s. 3), undersøkjer interaksjonistisk orienterte språkvitarar autentisk kommunikasjon.

Det interaksjonistiske perspektivet – eller *samhandlingsperspektivet* (Svennevig, 2018, s. 98–99) – inneber at ein ser på interaksjon og praksis som grunneiningane i all kommunikasjon (Linell, 1998, s. 277). Vidare er ein opptatt av at sosial interaksjon fører til at meinung kontinuerleg blir omfortolka (Järvinen, 2005, s. 27). Interaksjonistisk analyse

legg typisk vekt på at deltakarane dialektisk skaper føresetnadene for kvarandres bidrag til diskursen (Scheuer, 2013, s. 20). Ein er ikkje opptatt av den «djupe» intensjonen bak den enkelte ytringa, men av korleis ytringa blir meiningsfull som følgje av at ho høyrer til i ei rekke av ytringar og andre kommunikative hendingar.

Idéhistorisk er det nær samanheng mellom interaksjonisme og den sosiologiske tradisjonen konstruksjonisme<sup>1</sup>. Det såkalla Thomas-teoremet er ei fyndig oppsummering av ein hovudtopos i konstruksjonismen: «Det mennesket oppfatter som virkelig, blir virkelig i sine konsekvenser» (W. I. Thomas, sitert i Tjora, 2020). I klassikaren *The Social Construction of Reality* hevda Berger og Luckmann at røynda er eit sosialt konstrukt: Forståingskategorien *det verkelege* oppstår i samhandling og som eit resultat av sosial funksjon. Oppgåva til samfunnsforskaren er å undersøkja prosessane som skaper kategoriane (Berger & Luckmann, 1991, s. 13). Tilnærminga inneber at kunnskap og forståing ikkje er noko som blir oppdaga, men snarare at det blir skapt i og av sosiale og kulturelle kontekstar.

At eg har eit interaksjonistisk perspektiv, betyr meir enn at eg på reint overordna nivå har innsett at kommunikasjon er samhandling. To av konsekvensane er det særleg verdt å peika på: For det første er eg mindre opptatt av rettstilstanden og kva som er den mest velfunderte tolkinga av lovteksten, enn eg er av nettverket av kontekstar lovteksten blir brukt i. For det andre analyserer eg intervjuet som aktiv meiningsproduksjon og samarbeid (Holstein & Gubrium, 2016, s. 69). Intervjuet som sosial interaksjon fungerer som analytisk inngang til skjønnspraksis som sosial interaksjon.

## 2.2 Vagheit og skjønnsrom

At eit gitt uttrykk blir oppfatta som vagt, heng typisk saman med at sakstilhøva det dekkjer, vanskeleg kan avgrensast mot dei det ikkje skal dekkja. Førestillinga om grensetilfellet er heilt grunnleggjande når ein skal gjera greie for kva det vase består i (Sorensen, 2023, s. 1). Det er fleire grunnar til at dette er relevant for skjønn: Sorensen peiker for det første på at skjønnsutøving ofte skjer «by means of vague language». Vidare kan skjønnsrommet («the scope of discretion») vera eit produkt av «higher-order vagueness» (s. 27–28). Forvaltingsskjønnets oppgåve blir dermed «å fylla att hòla» der rettsreglane er vase. Det er i denne mekanismen mykje av skepsisen mot bruk av skjønn hentar argumenta sine frå: «Discretion through gap-filling pleases those who regard adjudication as a creative process. It alarms those who think we should be judged by laws rather than men» (s. 28). Sorensen si framstilling av korleis vagheit og skjønnsrom heng saman, gir oss ei teoretisk ramme vi kan bruka til å forstå spørsmålet om skjønnets konsekvensar for rettstryggleiken (jf. 1.2.2; Stuen & Eriksen, 2008, s. 2–3): Bidrar det til at forvaltninga blir meir lunefull og urettferdig, eller gir det tvert imot fleksibilitet til å ta betre avgjelder?

Eg kunne ha skrive mykje om vagheit, men dette er ikkje noko oppgåve om språkfilosofi. Ein viktig grunn til at eg synest at ei kort forklaring på kva eg meiner med vagheit, likevel må med, er at det vase (eller «diffuse», som motsetnad til det «konkrete») også er eit viktig tema i framstillinga til informantane. I 4.1 under viser eg korleis den eine informanten gjer greie for vurderingar i grenseland (jf. Sorensens observasjon om

<sup>1</sup> Termane *sosialkonstruksjonisme* og *sosialkonstruktivisme* blir brukt meir eller mindre om ein-annan (jf. Weinberg, 2008, s. 295). Mitt einaste argument for å velja konstruksjonisme framfor konstruktivisme er at eg ønskjer å unngå eventuelle konnotasjoner til psykologien, der omgrepene konstruktivisme historisk stammar frå.

grensetilfellet over) ved hjelp av eit eksempel som negativt avgrensar kva NAV bør krevja av borgaren: Den vase eller «diffuse» grensa for kva som er rimelege vurderingar, blir såleis gjort tydelegare fordi eksempelet klart fell *utanfor*.

## 2.3 *Fronesis* og taus kunnskap

Fossheim (2015) knyter skjønnet til det aristoteliske omgrepet *fronesia*, som betyr noko å la praktisk visdom – til skilnad frå teoretisk (*sofia*). Forfattaren gjer greie for tilhøvet mellom skjønn, konklusjonar og generelle reglar. Enkelt sagt er *fronesia* evna til å gjera vurderingar som fører til rett konklusjon eller riktig handling. Omgrepet er handlingsorientert og knytt til situasjonar der ein må velja (jf. Fossheim, 2023).

Jo mindre klare reglar ein har å gå etter, i desto større grad vil ein vera avhengig av *fronesia*. Ifølgje Fossheim er det vanleg å sjå på skjønn som noko som tar over der reglar kjem til kort (Fossheim, 2015, s. 12). Aristoteles omtaler den praktiske visdommen som «sjelas auge». Skjønn forstått på same måte blir ei særegne form for ikkje-abstrakt persepsjon som «tolker, forstår og gir grunnlag for valg og handling» (s. 15).

Om ein forstår praktisk visdom og dømmekraft poetisk, som ein «sjeleleg» eigenskap, kan ein stå i fare for å redusera skjønn til intuisjonar. Fossheim meiner at denne forståinga «står i opposisjon til begrunnelser» (Fossheim, 2015, s. 16). Vidare hevdar han at «[g]odt skjønn er i stand til å forklare seg» (s. 17). Vinklinga til Fossheim betyr at skjønnet ikkje kan vera berre taust: Det å grunngi avgjerdene og knyta saman konkrete omsyn og generelle prinsipp høyrer med til sjølve skjønnsutøvinga.

Som Fossheim er eg kritisk til førestillinga om skjønn som «taus kunnskap». Poenget mitt er like mykje epistemologisk og metodologisk som normativt. Polanyi (1966), som ofte blir rekna som opphavsmann til omgrepet, beskrev utgangspunktet sitt som «the fact that we can know more than we can tell» (s. 4). Problemet med taus kunnskap som analytisk kategori er at fenomenet ikkje er empirisk tilgjengeleg – og derfor heller ikkje brukande i ein studie som denne. Bohlin (2009) er inne på mykje av det same i si drøfting av taus kunnskap og kritisk undersøking. Dersom vi forstår skjønn som noko innvendig og privat, har vi alt definert fenomenet som ikkje-studerbart. Vidare fører det til ein forvaltningsrettsleg apori: eit krav om at det blir sagt noko det er umogleg å seia.

Min påstand er at det er det sosiale aspektet som gjer at skjønn kan undersøkjast språkvitskapleg. I si nytolkning av den aristoteliske dygdstradisjonen legg MacIntyre (2007) vekt på at dygdene har utspring i *praksis* («socially established cooperative human activity», s. 188). Skjønn forstått som *fronesia* er ikkje noko unntak.

## 2.4 Intertekstualitet og adressivitet

Når eg skriv at denne studien handlar om forvaltningskjønnet i grensesnittet mellom det vase lovspråket og dokumentasjon i konkrete enkeltsaker, har eg alt påkalla fenomenet intertekstualitet. Enkeltvedtaket blir til, som alt anna som blir skrive, i eit nettverk av tekstar. All tekst ber preg av annan tekst (Dysthe, 1997, s. 32). At ord har brukshistorie, er jamvel ein føresetnad for forståing (Borges, 1949/1998, s. 282).

Bazerman (2004) definerer intertekstualitet som mangfaldet av eksplisitte og implisitte koplingar til tidlegare, samtidige og framtidige tekstar (s. 86). Fenomenet kjem tydelegast til uttrykk gjennom sitat og referansar, men allusjonar og lån av sjangertrekk er også intertekstualitet. Det er heller ikkje sånn at bruken må vera tilsikta av den som har skrive teksten. Bazerman skil mellom ulike nivå av intertekstualitet. Enkelte forfattarar

omtaler *interdiskursivitet* for seg (t.d. Linell, 1998, s. 156). Bazerman ser på interdiskursivitet – korleis ulike diskursar interagerer og påverkar kvarandre – som ein underkategori av intertekstualitet (Bazerman, 2004, s. 86–88).

Vedtak er heimla i lov og hentar avgjerande omgrep og formuleringsmønster derifrå. Orda i lovteksten har heller ikkje oppstått av ingenting. Vidare byggjer saksbehandlaren vurderingane og grunngjevingane sine på legefråsegner og andre dokument som er utarbeidde på grunnlag av ulike former for fagkunnskap og profesjonelt skjønn. Hen vil dessutan vera bunden av etatsinterne rutinar og rundskriv frå departement og direktorat. Vi må òg gå ut frå at språket og argumentasjonen i vedtaket – og i førebuingane til vedtaket – kan vera påverka av fleire diskursar enn berre den rettslege og den medisinske. «Jag kan icke räkna dem alla» (Sandell, 1880).

Straks ein blir merksam på fenomenet intertekstualitet, blir det forvirrande klart at «[a]lle ytringar er ledd i ei svært komplekst organisert ytringskjede» (Bakhtin, 1998, s. 11). Hos Bakhtin heng intertekstualitet saman med det dialogiske aspektet av språket som eg var inne på i 2.1 over. Både tale og forståing, hevdar han, er av «aktivt svarande karakter» (s. 10–11). Ved å delta i språket rettar vi oss alltid mot tidlegare ytringar. Tilsvارande rettar vi oss også framover, i tid og mot *nokon*: Når vi ytrar oss, tar vi høgde for at andre, dei ytringa blir «laga for», aktivt bidrar til meiningsinnhaldet ytringa skal få (s. 39). Bakhtin kallar dette *adressivitet*, som han hevdar er eit «essensielt» kjenneteikn på ytringar (s. 43). I det førre avsnittet, der eg siterte ein gammal salme, adresserte deg som veit å verdsetja irrelevant tant som likevel illustrerer eit fagleg poeng. Her adresserer eg deg som ønskjer ei forklaring på at eg gjorde det.

# 3 Metode

Metode heng saman med kunnskapsærend. Den overordna metodiske tilnærminga mi er kvalitativ, og eg har henta inn materialet gjennom intervju med saksbehandlarar som jobbar med uføresaker. Materialet er deretter analysert tematisk og retorisk.

I dette kapittelet gjer eg greie for metodiske val eg har gjort undervegs. Først skriv eg om førebuingar til intervju. Deretter fortel eg om prosessen med å samla inn og behandla datamaterialet. Her er det særleg verdt å gi gaum på transkripsjonssfasen, som i tillegg til å vera ei nødvendig teknisk oppgåve også er eit steg som har vore viktig for analysen. Til slutt presenterer eg termene tematisk analyse og retorisk diskursanalyse.

## 3.1 Førebuingar og etiske vurderingar

### 3.1.1 Framdrift

Hausten 2023 hadde eg blinka meg ut utfordringar knytte til brukarane si forståing av rettar og plikter slik dei blir formidla i skriftleg kommunikasjon frå NAV, som tema for masteroppgåva. Etter å ha drøfta problemstillinga med representantar for NAV Trøndelag og fagpersonar ved NTNU stod det klart for meg at omsynet til personvern ville gjera det vanskeleg å få tilgang til den typen data eg ønskte meg. I eit møte med NAV dukka skjønnsvurdering etter § 12-5 i folketrygdlova opp som tema. Temaet hadde både kommunikasjonsfagleg og rettsleg interessante aspekt, og ikkje minst kunne det eltast inn i eit gjennomførbart prosjekt. Etter ein runde med praktiske avklaringar fekk eg distribuert informasjonsskriv med samtykkeskjema og utkast til intervjuguide som NAV kunne gi respons på. Intervjuva vart gjennomførte tidleg i mars 2024. Intervju som metode har gitt meg høve til å undersøkja enda fleire sider av skjønnspraksis som samhandling enn eg først forventa.

### 3.1.2 Etiske vurderingar

«Det som *kunne* ha vært spennende», sa ein av informantane mine, «er om du hadde fått et anonymisert vedtak du kunne ha lest ...» (intervju 3, s. 29). «Ja, sant?» svarte eg. Eg innvende at det kunne ha ført til at eg indirekte ville ha fått vita litt for mykje. «Ja, du gjør det, skjønner du», medgav informanten. Truleg stemmer det at eg kunne ha funne mykje interessant om eg hadde basert prosjektet på sensitiv informasjon – også om opplysningsane hadde vore anonymiserte. Analyse av konkrete vedtak og korrespondanse i enkeltsaker kunne ha ført til andre innsikter enn dei eg har fått. Omsynet til personvern er ein av hovudgrunnane til at eg landa på akkurat dette forskingsdesignet.

Straks prosjektskissa var skriven og eg hadde svart ut dei etisk-administrative problemstillingane knytt til personvern og datalagring overfor Sikt, var det smidig å få klarsignal til gjennomføring. Dette betyr likevel ikkje at studien er tvers igjennom uproblematisk. Sjølv om informantane offisielt er anonyme, kan det vera utfordrande å oppnå ein grad av anonymisering som gjer det umogleg for leiarar og andre kollegaer å vita kven som gøymer seg bak sitata og vurderingane. For det første kan dette ha påverka materialet kvalitativt – ved at informantane har «lagt band på seg». For det andre må eg vera medviten om at eg ikkje deler det som er sagt, på måtar som kan få følgjer på arbeidsplassen. Det er ikkje noko i materialet eg ser på som kompromitterande, men indirekte

identifisering er like fullt uheldig. Derfor har eg valt så nøytrale namn og nemningar som mogleg: «saksbehandlar» – og *hen* som pronomen. I transkripsjonane prøvde eg, så langt det var råd, å luka ut dialekttrekk og personlege idiosynkrasiar. Kan henda har dette ført til at informantane glir over i kvarandre for lesaren. Det er eg i så fall glad for. Målet er ikkje å seia noko om informantane som individ; det er måten skjønnspraksis blir framstilt på, som er viktig. Eg har nedprioritert omsynet til at materialet eventuelt skal kunna brukast i framtidige studiar. Lydopptaka vart destruerte etter transkribering, og transkripsjonane blir destruerte straks prosjektet er avslutta. Dersom du som les dette, er ein annan enn sensor, får du nesten ha tillit til at teksten i oppgåva speglar materialet.

Tidlegare studiar av saksbehandling i uføresaker har avdekt praksis i rettsleg og etisk gråsoneland. Mandal mfl. (2016) har funne at NAV i enkelte tilfelle gir avslag utan at saka er ordentleg opplyst. Årsaka er oftast eit ønske om «å setja fart i brukaren». Forfattarane slår fast at praksisen uansett er eit brot på forvaltningslova § 17 (s. 215). Før eg gjennomførte intervju, lurte eg på om eg òg ville få ny kunnskap om problematiske tilhøve. Kva ville eg i så fall gjera med det? Avhengig av alvorsgrad måtte eg truleg ha meldt det inn til relevant instans. Heldigvis hamna eg ikkje i den situasjonen (i allfall ikkje det eg veit). Tvert imot kan eg gleda meg over å ha intervjuet informantar med stor vilje til å involvera meg i etisk refleksjon rundt saksbehandlarskjønn.

## 3.2 Innsamling og behandling av datamaterialet

### 3.2.1 Intervjuguide

Da eg utarbeidde intervjuguiden, hadde eg tre formål i bakhovudet. For det første måtte eg sikra at eg informerte informantane om rettane deira etter personvernregelverket. For det andre ville eg gi ei standardisert forklaring på kva siktemålet med prosjektet var, og på korleis eg kom til å leggja opp intervjuet. Især syntest eg det var viktig å seia at eg var ute etter å få høyra om kva saksbehandlaren *gjer* når hen utøver skjønn. Eg ville også understreka at eg ønskte at informantane skulle prata så fritt som mogleg. For det tredje skulle intervjuguiden vera eit verktøy undervegs: både for å få omtrent lik innleiing i alle intervjuer og for å sikra at eg stilte produktive spørsmål.

Intervjuguiden var inndelt i tre hovudtema: 1) tilhøvet mellom formuleringa «hensiktsmessig behandling» og utfordringar for skjønnspraksis; 2) ressursar i saksbehandlinga; og 3) grunngjeving av vedtak. På det første temaet var eg opptatt av å finna ein god balanse mellom ønsket eg hadde om å knyta intervjuet til lovteksten, og definisjonsmakta til informanten. Dersom intervjuguiden var for rigid, tenkte eg, ville det ikkje gjera materialet like rikt som det kunne ha vorte. Bakgrunnen for det andre temaet var ein hypotese eg hadde om at intertekstualitet (jf. 2.4 over) og samarbeid kom til å bli viktig. Sånn sett var det motivert av teoretisk forforståing eg medvite tok med meg inn i samtalen. Intensjonen bak det tredje temaet var å sikra at skjønnsvurdering også ville bli knytt til kommunikasjon overfor borgaren.

### 3.2.2 Gjennomføring av intervju

Intervjuet varte høvesvis 48, 56 og 63 minutt – på same formiddag og med kort pause mellom dei. Det var sett av ein time til kvart intervju, og i forkant var eg redd for at eg kom til å få dårleg tid. Redsla for ikkje å koma gjennom alle spørsmåla førte nok til at eg hadde litt hastverk i det første intervjuet. Da eg såg at samtalen var over på 48 minutt, skrudde eg ned tempoet, og i dei to siste intervjuet prøvde eg å gi informantane meir tid til å svara utfyllande før eg gjekk vidare til neste spørsmål.

Det siste intervjuet vart det lengste, kanskje fordi det ikkje var nokon neste informant å ta omsyn til. Her er det interessant å sjå at det oppstod eit såkalla *doorknob moment* (Gitlin, 2022). Slike augeblinkar, der handa alt har gripe om den metaforiske dørklinka, er interaksjonelt viktige, fordi dei typisk fører samtalen i ny retning. Slik eg opplevde det, prøvde eg å runda av. Det som da skjer, er at vi pratar vidare med friare rammer enn tidlegare; det er på ein måte uavklart om intervjuet held fram eller ikkje. Informanten tar til med å spørja ut meg.

#### Intervju 3, s. 39

intervjuer	Ja ... Det er iallfall veldig artig å komme hit, da, og få litt sånn innblikk i ... i deres ...
saksbehandler	Ja ...
intervjuer	... arbeidshverdag ... altså ...
saksbehandler	Ja?
intervjuer	Jeg kan=
saksbehandler	=Har du lyst til å jobbe på NAY <sup>2</sup> nå? Eller? @Ble@ @du@ @redd@, @eller@?

Like etterpå spør saksbehandlaren om grunnen til at eg valde hensiktmessig behandling som inngang til skjønnsvurdering. Ulike forståingar av fenomenet skjønn, noko som her kjem til uttrykk, har seinare vorte viktig i analysen.

I intervjuguiden hadde eg eit spørsmål om korleis ein kan koma fram til kva hensikta med behandlinga har vore. Tanken var å ha det som eit oppfølgingsspørsmål som kunne invitera saksbeandlerane til å gjera greie for korleis dei resonnerer med utgangspunkt i lovteksten. Undervegs slo det meg at spørsmålet ikkje var produktivt på den måten eg hadde sett for meg. Responsen eg fekk, likna ikkje på den koherente og logisk oppbygde slutningsrekka eg kanskje forventa. Især i intervju 2 oppstod det mange pausar og tilløp til omstart i ytringssekvensen som følgde da eg stilte spørsmålet.

#### Intervju 2, s. 7

intervjuer	Mm. Mm ... Kan ... kan du si noe om hvordan du kan komme fram til hva 'hensikta med behandlinga har vært?
saksbeandler	(pause) Hmmmm ... (lang pause) Det er joooo ... 'veldig avhengig av diagnosen, da.
intervjuer	Mm?
saksbeandler	Men det er jo ... Hva skal man si? (pause) Hva som er hensikten med ...? Altså ... @@@ Det ble et vanskelig spørsmål til meg, det. Ehm (sukk)
intervjuer	Det er ... det er jo ... det er jo litt sånn ... det er ganske tett ... tett opp mot ordlyden i ... i lovteksten, da=
saksbeandler	=Mm
intervjuer	Sant?
saksbeandler	Jaa. (pause) (sukk) (pause) @@@ Jeg bare tenker meg om, altså @

Eg hugsar eg tenkte at tilnærminga mi til rettsleg argumentasjon ikkje fungerte i samtalen. Resultatet vart at eg tilpassa meg og prioriterte å følgja opp tema informanten sjølv lanserte, framfor å stilla alle spørsmåla eg hadde førebudd.

### 3.2.3 Transkribering

Eg transkriberte intervjuet manuelt. Det finst talegenkjenningssystemer som kan gjera at jobben går raskare, men kvalitetskontrollen eg oppnådde ved å gjennomføra

---

<sup>2</sup> NAY: munnleg forkorting for avdelingsnamnet NAV arbeid og ytelser

heile prosessen manuelt, var verdt innsatsen. Transkribering er meir enn ei reint teknisk oppgåve; det er også fortolking: «Transcription selects and condenses the complex series of interactions produced by interviews; it renders the big booming buzzing confusion of raw conversation into forms that support inquiry» (Vanover, 2021, s. 63–64). Tida det tok å gjera heile jobben sjølv, gav meg dessutan høve til å bli betre kjend med materialet (jf. Braun & Clarke, 2006, s. 87–88).

Lesaren har truleg lagt merke til at eg skriv nynorsk. Nynorsk var også målforma eg tenkte kom til å bli normerande for transkripsjonane. Alt før eg starta, visste eg at eg ikkje skulle gjera noko forsøk på å gjengi dialekt. Fordi slike omsyn ikkje kom til å bli viktige for analysen, såg eg for meg at skriftleggjering av talen kunne bidra til anonymisering av informantane. Kan henda måtte ein og annan kvist frå bokmålet podast inn for å få fram det eg oppfatta som relevante nyansar i tyding, men kjerneveden skulle vera av same sort som i tekstane eg elles skriv. Ganske raskt beit eg meg merke i pronomenbruk. I enkelte setningar var subjektet «man». I staden for «han eller ho», «han», «ho» eller «hen» hendte det at borgaren vart omtalt med demonstrativet «den». Eg la også merke til passivform av verb og veksling mellom hankjønns- og hokjønns-bøyning av hokjønnssubstantiv. Kunne desse observasjonane vera noko eg kom til å få bruk for seinare? Både genusvekslinga og den særegne pronomenbruken kjem betre fram med normering mot bokmål, tenkte eg. Samanlikna med grannespråka er dessutan bokmålet særskilt rikt på passivtypar (Dyvik, 2018). Dermed vart oppgåva tospråkleg. I ettertid ser eg at mykje av det eg bala med, ikkje har funne vegen inn i analysen. Det betyr ikkje at balinga har vore fåfengd; tvert imot har eg lært mykje om transkribering som tolkingsarbeid.

Å hevda at transkripsjonane representerer samtalane dei er baserte på, direkte, ser eg på som problematisk (jf. Vanover, 2021, s. 73). Ja, eg har vore nokså grundig, og eg synest eg har sikra meg eit godt og forsvarleg datagrunnlag å jobba vidare med. Likevel ser eg på transkripsjonane som fortolkingar som har tatt form av overføringsprosessen, snarare enn som sanne representasjonar av interaksjonen mellom informantane og meg. Eg har valt å gjera dei meir skriftypiske enn eg kunne ha gjort. Vanover peiker på at «narrativisering» kan gjera transkripsjonar meir lesverdige og meiningsfulle (s. 67–69). Motsatsen til narrativ transkriberingspraksis karakteriserer han som «practices that unreflexively use transcription as an atheoretical medium for analysis» (s. 76).

Eg har prøvd å leggja til rette for at transkripsjonane kan lesast som forteljing snarare enn som ein flaum av språklydar samtalen kan rekonstruerast på grunnlag av. Derfor har eg begrensa bruken av anna teiknsetjing enn den som kjenneteiknar normalprosa. I eksempelet under har eg brukt hermeteikn til å få fram at informanten «siterer» eit hypotetisk avslag som er gitt på grunnlag av at borgaren ikkje har prøvd fysioterapi.

#### Intervju 1, s. 6

saksbehandler	Hvis det for eksempel mangler å forsøke fysioterapi, da, at vi tenker at det er vi kjent med, at i mange tilfeller ved den sjukdommen her kan bidra til bedring, ... så må vi på en måte kunne klare å formidle det uten å ... avskrive eller undergrave det som allerede er forsøkt, da ... men vise heller til at «vi ser at du ... har forsøkt en del behandling. (pause) Vi mener likevel at fysioterapi ...» – som kanskje òg har blitt vist til fra fastlegen, da – ... at det kan medføre noe bedring, og at det må på en måte forsøkes.
---------------	---

Mi tolking er at konstruerte utsegner og supplerande kommentering glir over i kvarandre. Dermed blir det vanskeleg å avgjera kor sitatet sluttar og kommentaren tar over. Opplysningsa om at fastlegen også kan ha sagt noko om fysioterapi, har eg gjengitt som eit kommenterande innskot – ved å plassera det utanfor hermetekna og i staden skilja det ut med tankestrek. Her skil prosessen min seg tydeleg frå «ateoretisk» transkribering.

Til ortografisk innretta grovtranskripsjonar å vera er transkripsjonane relativt detaljerte. Sjølv om eg først og fremst har vore opptatt av å få fram utsegnsinnhaldet, har eg gitt rikeleg rom til nøling og omstart i talen. Eg har også markert latter og lattermild tale, overlappende snakk og pausar. Tanken er at litt for mange detaljar er betre enn for få. Vidare hadde eg lovt informantane at lydoptaka skulle destruerast straks transkripsjonane var klare. For å kunna halda denne lovnaden måtte eg kjenna meg trygg på at det eg sat attende med, var rikt nok.

Omsynet til informasjonsrikdom må likevel ikkje føra til at transkripsjonen blir forstyrrande detaljert. Ochs (1979) poengterer at transkripsjonar som er utarbeidde slik at dei kan gi inntrykk av å omfatta «all» informasjon frå samtalen, gjerne blir mindre interessante: «One of the important features of a transcript is that it should not have too much information. A transcript that is too detailed is difficult to follow and assess. A more useful transcript is a more selective one » (s. 44). Har eg vore passe selektiv? Prosessen kravde iallfall mykje tankeverksemd og har definitivt bidratt til å gjera meg godt kjend med materialet.

I vedlegg 3 gjer eg greie for enkelte av vala eg har gjort, i større detalj.  
Transkripsjonsnøkkelen finn du før innleiingskapittelet.

### 3.3 Analytisk tilnærming

#### 3.3.1 Tematisk analyse

Braun og Clarke (2006) karakteriserer tematisk analyse som ein del av det metodiske fundamentet for kvalitative studiar (s. 78). Sjølv i studiar der det ikkje er uttalt, vil det ofte vera sånn at den analytiske tilnærminga som i røynda er brukt, er tematisk retta (s. 80). Ein viktig grunn til å ta inn eksplisitte refleksjonar rundt tematisk analyse som metode er at det kan bidra til transparens. Ein god tematisk analyse, hevdar forfattarane, er open om kva oppfatningar av datamaterialet som ligg til grunn, og om kva slags kunnskap om verda det er forventa at det kan gi (s. 81). Vidare ser dei på den teoretiske fleksibiliteten til metoden som eit stort fortrinn. Fordi tematisk analyse i utgangspunktet er agnostisk med omsyn til teori, kan det å vera tydeleg om metodisk tilnærming bidra til at ein unngår å binda seg til implisitte teoretiske posisjonar som kan følgja med på kjøpet når ein bruker andre analytiske innfallsvinklar. Dette er ikkje noka oppmoding om å sjå bort frå teoretiske føresetnader. Tvert imot er det eit viktig poeng at tematisk analyse ikkje er nokon passiv prosess, men at forskaren har ei aktiv rolle i identifisering, utveljing og formidling av mønster og tema i materialet. Mellom anna er forfattarane kritiske til framstillingar der tema er eit fenomen som «trer fram» eller «blir oppdagat»: «it denies the active role the researcher always plays in identifying patterns/themes, selecting which are of interest, and reporting them to the readers» (s. 80).

Braun og Clarke tilrår ein framgangsmåte i seks fasar (Braun & Clarke, 2006 s. 86–93).

1. Forskaren bør starta med «å bløyta seg ordentleg» («immerse yourself») i data, slik at hen blir godt kjend med innhaldet (s. 87). Ein bør lesa gjennom fleire gonger og gjera notat før ein startar med meir formell koding. I intervjustudiar vil transkriberingsfasen vera eit framifrå høve til å bli kjend med materialet og jobba fram tolkingar som kan bli viktige for vidare analyse (s. 87–88).
2. Neste fase er systematisk koding og kategorisering av tematiske trådar i heile datasettet. Her organiserer forskaren det hen oppfattar som grunnleggjande meiningssegment, i grupper. Slik koding skjer på lågare abstraksjonsnivå enn sjølv analysen, som tar utgangspunkt i identifiserte tema (s. 88). Koding skal vera ein systematisk prosess der ein er merksam på kvar einaste «dataeining». Formålet er å leggja materialet til rette for at så mange potensielle tema som mogleg skal kunna analyserast (s. 89).
3. I denne fasen tar forskaren utgangspunkt i kodane hen genererte i førre fase. Formålet er å finna mønster og tema gjennom gruppering av kodar under ulike tema, som ein undersøkjer korleis passar saman. Ein av fleire måtar å gjera dette på er å laga tanke- eller temakart (s. 89–91). Framgangsmåten er meir eksplisitt syntetiserande enn i tidlegare fasar.
4. Denne fasen er *kritisk* – grensedragande – i den forstand at ein både syntetiserer, avgrensar og undersøkjer validiteten av tematiske mønster ein har identifisert. Forfattarane skil mellom to nivå (s. 91): På det eine undersøkjer ein tematisk koherens på grunnlag av kodingsarbeidet. På det andre undersøkjer ein om temaa ein har blinka seg ut, speglar heilskapen i datasettet på rimeleg vis.
5. Oppgåva i denne fasen er å definera og gi namn til temaa ein har valt, slik at dei tydeleg speglar «essensen» i materialet (s. 92). Her vil eg leggja til at eg er skeptisk til empiriske studiar som opererer med førestillinga om «essens». Til Braun og Clarke sitt forsvar skal det seiast at dei òg skriv ordet i hermeteikn. Poenget er at temaa skal vera dekkjande for analytisk interessante aspekt ved datasettet: Dei skal leggja til rette for «a coherent and internally consistent account, with accompanying narrative» (s. 92).
6. Den siste fasen er å gjera greie for funna i skrift. Her må ein forankra temaa talande eksempel frå materialet og veva dei saman til ei forteljing som formidlar innsiktene frå analysen (s. 93).

Resultatet av fase 1 og 2 var transkripsjonar fullpakka med stikkord. I fase 3 sorterte eg stikkorda i tematiske kategoriar. I prosessen vidare justerte og omorganiserte eg desse kategoriene, både ved å slå saman kategoriar og ved å skilja ut nye. Eit avgjerande steg, i det som Braun og Clarke beskriv som fase 5, var å velja nokre få men høveleg rommlege tema som grunnlag for analysen. Undrevegs, langt inn i fase 6, gjekk eg attende og genererte nye stikkord som eg bakte inn i dei ulike temakategoriene. Prosessen var på ingen måte fullt så lineær som ein kan få inntrykk av at han skal vera. Mine erfaringar gir grunn til å vera skeptisk til altfor skjematiske lesing av Braun og Clarke. Forfattarane poengterer også sjølv at koding er «an ongoing organic process» (s. 91). Det viktige er at ein ikkje hoppar over arbeidstrinn.

### **3.3.1.1 Frå enkeltord til overordna tema**

Kva som blir tema i ein intervjustudie som denne, vil vera eit produkt av interaksjon med problemstilling, informantar og materiale gjennom heile prosessen (jf. Mik-Meyer & Järvinen, 2005, s. 9). Alt på skissestadiet, og vidare ved utforming av intervjuguiden, gjorde eg val som definerte tematikken som skjønnsvurdering med utgangspunkt i

uttrykket «hensiktsmessig behandling». Ein av informantane mine problematiserte dette og hevda at ordninga «ung ufør» (NAV, 2024) er langt meir skjønnsprega enn saksbehandling etter paragrafen eg hadde sett meg ut.

Intervju 3, s. 21–22

saksbehandler	Det er på ung ufør du sitter og faktisk bruker mye mer skjønn.
intervjuer	Ja?=
saksbeandler	=Det er der du sitter og faktisk vurderer om personen har en alvorlig grad av en diagnose eller ikke.

Fleire gonger i intervjuet kontrasterte saksbehandlaren vilkåret om hensiktsmessig behandling med problemstillingar som ifølgje hen er enda meir skjønnsprega. Mot slutten av samtalene blir rollene som intervjuar og intervjuobjekt snudd på hovudet, og saksbehandlaren utfordrar meg til å svara på kva det er som gjer at eg har sett meg ut vilkåret om hensiktsmessig behandling som utgangspunkt for skjønnspraksis i uføresaker. Eksempelet illustrerer korleis problemstillinga og intervjuguiden til ein viss grad snevarar inn tematikken. Samtidig gjer saksbehandlaren nettopp det eg hadde bede hen om å gjera: I innleiinga til alle intervjuia la eg vekt på at informantane ikkje skulle kjenna seg bundne av mine vinklingar, og at dei gjerne måtte utfordra dei.

Etter intervjurunden sat eg med eit inntrykk av at informantane hadde snakka veldig mykje om makt. Undervegs i transkriberingsprosessen vart eg slått av kor sjeldan eg støyte på ordet uttalt. Eg fann det berre i det eine intervjuet – tre gonger som substantivet som står i ordboka, og ein gong i form av neologismen «å makte», som i den aktuelle samanhengen blir brukt om det å utøva makt over ein annan person.

Det ikkje er til å unngå at førsteinntrykk, på førehand forma forventningar og andre personleg, sosialt og historisk kontingente føresetnader har påverka måten eg har tolka materialet på (jf. Starfield, 2013). Vitskapleg forsvarleg metode er basert på at ein erkjenner at førteoretisk og halvteoretisk forståing eksisterer og må integrerast i tolkingsarbeidet. Spørsmålet er kva som er den nøkternt fruktbare måten å gjera det på.

Det stod klart for meg at koding av materialet måtte skje på grunnlag av ytringar og sekvensar – ikkje enkeltord. Newmark (1988) ser på *setninga* som «the natural unit of comprehension and recorded thought» (s. 65). Braun og Clarke stiller eit viktig metodologisk spørsmål knytt til kvantitet: Kva er det som skal til for at noko skal reknast som eit mønster eller tema (Braun & Clarke, 2006, s. 83)? «The <keyness> of a theme», hevdar dei, heng ikkje alltid på kvantifiserbare faktorar. Frekvens kan vera ein indikasjon, men det som er avgjerande, er om det aktuelle temaet fangar inn noko som er viktig sett i lys av det overordna forskingsspørsmålet (s. 82).

Sjølv om ordet «makt» sjeldan er å finna, betyr ikkje det at temaet ikkje er viktig i materialet. Spriket mellom førsteinntrykk og faktisk frekvens sette meg likevel på tanken om ha med eit kvantitativt element i den innleiande analysen. Kunne rett og slett *ordteljing* fungera som eit korrektiv som tvinga meg til å sjå etter andre mønster i materialet enn dei eg forventa, og dermed gi metoden sterkare induktiv forankring? Resultatet av desse refleksjonane var at eg bestemte meg for å kartleggja førekomensten av verb («*handlingsord*»; jf. Bordal & Hagemann, 2024). Eg registrerte alle med unntak av hjelpeverb og kopulaverb («å vera») i ein tabell. Deretter prøvde eg å finna samanhengar mellom verb og framstilling av agens (korleis informantane gjer greie for sitt eige, legens og brukaren sitt bidrag til faktorar som kan avgjera utfallet i saka). Tilnærminga heng saman med samhandlingsperspektivet: Interaksjon føreset agens. Til dømes fann eg at verbet

«å forsøke» er det vanlegaste der personen som krev uføretrygd, er tema. Etter å ha brukt eit par dagar på slik kartlegging innsåg eg at framgangsmåten var meir tidkrevjande enn instruktiv, og at eg burde konsentrera meg om hovudmetoden i staden for det induktive korrektivet.

Det overordna temaet som til saman integrerer flest undertema, er det eg har kalla *diagnose og situasjon*. Til slutt var det også dette som gav meg tittelen på oppgåva. Av tematiske trådar eg har identifisert på vegen hit, kan eg nemna desse:

- motstand mot generalisering
- brukarperspektiv (inkl. klarspråk) og makt
- empati vs. rettslege krav
- rettstryggleik gjennom forståing av vurderingsgrunnlag
- skjønnsrom som produkt av «diffuse», vanskeleg kategoriserbare opplysningar

I analysen tangerer eg fleire av desse temaa. Enkelte av dei kunne det ha vore interessant å gå enda meir i djupna på, men det blir dessverre for ambisiøst.

### 3.3.2 Retorisk diskursanalyse

Mens tematisk analyse identifiserer og undersøkjer tematiske mønster i materialet, fokuserer retorisk diskursanalyse på språkets funksjon og analyserer systematisk korleis deltakarane etablerer fakta, gjer greie for årsakssamanhangar, byggjer argumentasjonsrekker og gir forklaringar. Fordi eg er ute etter å undersøkja *korleis* saksbehandlarane gjer greie for skjønnspraksis, er retorisk diskursanalyse eit verdifullt påbygg på den tematiske analysen.

I ein artikkel om tematisk orientert diskursanalyse beskriv Roberts og Sarangi (2005) ein framgangsmåte i to steg: Det første steget er identifisering av nøkkeltema (s. 633); det andre er å knyta slike nøkkeltema til retoriske verkemiddel (s. 634–635). Her ser vi korleis retoriske tilnærmingar kan byggja vidare på grunn som er rydda av tematisk analyse. Arribas-Ayllon mfl. (2011) bruker framgangsmåten til Roberts og Sarangi som føredøme for retorisk diskursanalyse (s. 56–57).

Eit sentralt konsept i retorisk diskursanalyse er *accounts* (Scott & Lyman, 1968), som ofte blir omsett med «redegjørelser» (jf. Hammerstad 2023). På nynorsk kan ein kanskje skriva «utgreiingar» eller gjera som Järvinen (2005) og kalla det «legitimerande forklaringar» (s. 31). Etter mitt syn kling omsetjing med substantiv i overkant abstrakt og formelt på norsk. *To give an account of something* er ein heilt kvardagsleg – om ikkje alltid like synleg – aktivitet; substantivet *accounts* viser til dei mange måtane folk kan gjera greie for sakstilhøve på. Retorisk diskursanalyse gjer slike gjera-greie-for-måtar til studieobjekt. Siktemålet er å kasta lys over språkets rolle i sosial interaksjon og å visa korleis kommunikasjonen ein studerer, kan fungera som inngang til å forstå sosial orden og ideologi. Metoden trekkjer typisk vekslar på den mikrososiologiske tilnærminga til Goffman (1967) og undersøkjer *accounts* som ansiktbevaringsstrategiar (jf. Halvorsen & Hammerstad, 2021, s. 98).

Retorisk diskursanalyse låner element frå fleire tradisjonar og kombinerer dei på måtar som skal leggja til rette for tolking av datamaterialet med forankring i sosial kontekst og samhandling (Arribas-Ayllon mfl., 2011, s. 55). Språksynet som ligg til grunn, er at språket aktivt formar og produserer kunnskap om verda (s. 66). Arribas-Ayllon mfl. poengterer at språket er integrert i det sosiale. Å vera språkbrukar er å ta del i «*persuasion and fact construction*» (s. 55). Studieobjektet er diskursen – språket i bruk –

og ikkje mekanismar ein analyserer med utgangspunkt i abstrakte modellar av kognisjon eller språket som system. Derfor må språkbruken, eller «språkinga» (sv. *språkande*; jf. Linell, 2011, s. 11), ein står overfor, også undersøkjast som målretta sosial aktivitet som har praktiske konsekvensar og påverkar den sosiale ordenen.

Scott og Lyman (1968) baserte si framstilling av *accounts* på ein distinksjon mellom orsakingar og forklaringar. Fleire har kritisert typologien deira for å vera altfor snever (Arribas-Ayllon mfl., 2011, s. 63–65). Arribas-Ayllon mfl. peiker på at føresetnaden for analyse av *accounts* er at utsegner høyrer til innanfor ei ramme som gjer deltagarane sosialt ansvarlege (s. 64). Måten deltagarane gjer greie for hendingar, handlingar og haldningar på, er sosialt orientert og har moralsk underbygnad (s. 57). Mens Scott og Lyman tar utgangspunkt i at *accounts* er noko som veks fram av problematiske tilhøve, tar Arribas-Ayllon mfl. til orde for å sjå på fenomenet som enda djupare forankra i det kommunikative samspelet (s. 77).

Ifølgje Arribas-Ayllon mfl. kviler retorisk diskursanalyse på tre «søyler»: kategorisering, modalisering og intertekstualitet/interdiskursivitet (Arribas-Ayllon mfl., 2011, s. 65). Kategorisering er her forstått konstruksjonistisk, ikkje som mental operasjon men som produkt av språkbruk. Termen siktar til alle former for (eksplisitt eller implisitt) inndeling av verda i kategoriar (s. 65–67).

Med modalisering siktar forfattarane til bruk av språklege ressursar som indikerer noko om grad av tilslutning til påstandssinnhaldet i den aktuelle utsegna (Arribas-Ayllon mfl., 2011, s. 67). Modalverb er kroneksempelet på ein slik ressurs, men modalitet kan også uttrykkjast på andre måtar, eksempelvis ved hjelp av ymse former for forsikringar eller etterhald (*hedges*). I denne masteroppgåva er det verdt å vera merksam på at modalisering kan spela ei viktig rolle i faktakonstruksjon (s. 68).

Omgrepet intertekstualitet siktar til dei mange måtane tekstar og ytringar samhandlar med og refererer til andre tekstar på (Arribas-Ayllon mfl., 2011, s. 69–70). Forfattarane legg vekt på Bahktin si forståing av tekstar som dialogiske (jf. 2.1 over). Dette blir særleg tydeleg ved bruk av «rapportert snakk» (s. 69), som vi også ser interessante døme på i datamaterialet mitt. Somme bruker uttrykket «konstruert dialog» om same fenomen (s. 75). Eg har strevd med å finna eit dekkjande omgrep for fenomenet slik det dukkar opp i datamaterialet mitt. Korkje rapportert snakk eller konstruert dialog passar heilt. Ikke berre kan det vera diskutabelt om det er riktig å kalla det som blir konstruert, dialog. I enkelte tilfelle er dei konstruerte utsegnene «indringar» snarare enn ytringar; det informanten formidlar, er å forstå som tankar og ikkje som tale. I si drøfting av fenomenet bruker Stevanovic (2013) uttrykket *instances of reported thought* (s. 521–523), som dekkjer noko av det eg har behov for å få fram. Eg har landa på *konstruerte utsegner*, der substantivet òg gjeld utsegner som er tenkte.

Termen interdiskursivitet blir brukt som analog til intertekstualitet når tilhøvet ein siktar til, er tilhøvet mellom ytringane/tekstane og eit breiare diskursivt felt, typisk måten dei går i inngrep med maktstrukturar og ideologiar på. Interdiskursivitet er sjeldan like markert i på «overflatenivå» i teksten som intertekstualitet (s. 70).

Kva konkrete verkemiddel undersøkjer ein med retorisk diskursanalyse? Det retoriske spørsmålet kan jo vera ein kandidat – eller småord som «jo», som vel òg må tolkast som ei form for modalisering? Arribas-Ayllon mfl. (2011) nemner fleire aktuelle byggjesteinar i analysen: «frames and footing, contextualisation cues and inferences, face and face-work, and other linguistic features such as contrast, constructed dialogue, repetition,

lists, metaphor, pronoun, analogy, extreme case formulation, character and event work, etc.» ( s. 70). «Etc.» er viktig, for dette er ikkje nokon uttømmande katalog. Enkelte gonger vil analysen ha islett av klassisk retorikk og lingvistikk, men mikrososiologiske kategoriar i tradisjonen etter Goffman er heller ikkje uvanlege.

Retoriske verkemiddel tar sjeldan omsyn til språkvitaren sitt behov for ryddige analyseomgrep. Derfor bør vi ikkje bli overraska om vi møter dei i blandingsform – ei form som byggjer opp under den narrative strukturen i framstillingane til informantane (jf. Benson, 2014). Viktige omgrep i neste kapittel er kategorisering, modalisering, intertekstualitet og kontrastering. Ansiktsarbeid (*face-work*) blir også nemnt. På eit avgjerande punkt i det eine utdraget bruker informanten ironi. Fenomenet er såpass komplekst at eg ikkje kan analysera det utan å gi det nokså stor plass. Eg hentar òg eit og anna omgrep frå logikk, etikk og rettsfilosofi.

## *4 Diagnose og situasjon: analyse*

### **Utdrag A (4.1)**

Kapittelet opnar med eit utdrag som integrerer tematiske trådar på tvers av materialet. Informanten uttrykkjer motstand mot å svara generelt om hensiktsmessig behandling og knyter uttrykket til forståingskategoriane diagnose og situasjon. Kategoriparet går att i alle intervjuer og blir definierande for tematikken i utdraget.

### **Utdrag B (4.2)**

Utdraget illustrerer korleis kategoriane diagnose og situasjon blir danna med utgangspunkt i dokumentasjon. Eg argumenterer for at informanten framstiller ein prosedyre som «genererer» riktig resultat uavhengig av kven saksbehandlaren er. Mi tolking er at informanten tonar ned maktaspektet ved saksbehandlinga.

### **Utdrag C (4.3)**

Med diagnose som premiss knyter informanten vurderingane sine eksplisitt til medisinske fagressursar av generell karakter. Som legitimeringsstrategi trekkjer dette vekslar på andre intertekstuelle ressursar enn dei vi såg i utdrag B.

### **Utdrag D (4.4)**

Utdraget viser at kategorien situasjon er kompleks. Eg argumenterer for at informanten og eg forhandlar oss fram til ein samforstand som handlar om at skjønnsvurdering i uføresaker har viktige etiske aspekt.

## 4.1 «Fryktelig vanskelig å svare på generelt grunnlag»

I utdraget under uttrykkjer informanten motstand mot å gi generelle svar. Spørsmålet mitt om eksempel på kva som «typisk» vil vera og ikkje vera hensiktsmessig behandling, blir raskt plassert i eit perspektiv som handlar om diagnose og situasjon.

Linell (2002) peiker på at distinksjonen mellom tema og perspektiv er analytisk uklar, men skriv samtidig at omgrepet perspektiv i diskursforsking «points to possible differences in talking or thinking about (what is somehow) the <same> topic» (s. 53).

Informanten *skiftar ikkje tema*, men lanserer eit perspektiv som er annleis enn det eg startar med – eit perspektiv som er viktig i alle intervjuet. Grunnen til at eg vel å analysera dette utdraget først, er at eg ser på det som særleg eigna til å samla mange av dei tematiske trådane i materialet.

### A (intervju 2, s. 3)

1 intervjuer      Har du ... har du noe eksempel på hva som typisk vil være  
2                    og ... og ikke være hensiktsmessig behandling?  
3 saksbehandler    @@@@ Eh ... hva tenker du på da, altså, for en spesifikk  
4                    diagnose eller et=   
5 intervjuer        =Mnja, altså, det ... eh ...  
6 saksbehandler    @@@@  
7 intervjuer       Jeg ... eh ... jeg ... jeg er litt ute etter eksempel, da, på  
8                    liksom hva ... hva er det som 'vipper det i retning av at  
9                    du vurderer det som hensiktsmessig eller ikke?  
10 saksbehandler   Ja, sånn, ja! Eeehm ... Det er det fryktelig vanskelig å  
11                    svare på 'generelt grunnlag, da, men ... For det blir jo ...  
12                    ja, situasjonsavhenging, diagnoseavhengig, men ... eh ...  
13                    (pause) Hva man skal ta, da? Altså ... er det 'artrose ...,  
14                    at det er slitasjeskade i ledd, ... så er det jo ikke så  
15                    fryktelig mye man kan gjøre med sjølve det, med mindre ...  
16                    de opererer inn en proteste ... som vi ikke kan 'kreve at  
17                    de gjør. Men vi ser jo på om det er forsøkt medisiner?  
18                    Er det forsøkt trenings? Har du forsøkt ... fysiskalsk  
19                    behandling? Og da må man jo tenke litt ... Alder er jo ...  
20                    viktig betydning her. Er det ei 62 år gammel dame, så  
21                    kanskje det ikke er vits i å begynne å sende henne ut  
22                    i noe ... annet for å prøve å finne om hun har inntektsevne  
23                    hvis det er forsøkes ... 'andre fysikalske behandlinger  
24                    eller, da må man jo tenke litt «godt nok», da.

Spørsmålet som opnar utdraget, tar utgangspunkt i ordlyden i folketrygdlova § 12-5.

Informanten responderer med eit motspørsmål som indikerer at diagnosen representerer ein slags minimumskontekst for at hen i det heile tatt kan svara. Eg svarer nølande «mnja», og informanten ler. Eg følgjer opp latteren med at eg er «litt ute etter eksempel, da, på liksom [...]» (linje 7–9). Samspelet mellom oss tyder på at begge legg opp til at den andre skal ta initiativet til avgrensing av tema. Motspørsmålet frå informanten (linje 3–4) sender ballen attende til meg, og eg bruker fleire demparar («litt», «da», «liksom») i svaret. Bruk av slike dempande uttrykksmåtar er ein vanleg retorisk strategi for å gjera ytringar mindre kategoriske (Svennevig, 2018, s. 132). Her bidrar dei til å gjera framleggget mitt til tematikk meir utprøvande og varsamt. Motspørsmålet, latteren og demparane er døme på det Goffman (1967) kallar *face-work* (s. 12–13); dei fungerer som ei form for interaksjonell generøsitet som modulerer det potensielt trugande i situasjonen (jf. Arribas-Ayllon mfl., 2011, s. 62).

Vidare omformulerer eg det opphavlege spørsmålet til å handla om kva som «vippar» vurderinga til saksbehandlaren i den eine eller andre retninga (linje 7–9). Dette kan vi tolka som rektekstualisering eller, meir spesifikt, *reframing/refocusing* med termar frå høvesvis Goffman og Bernstein (Linell, 1998, s. 154–155). Straks temaet er vinkla som «vipping», responderer informanten med «ja, sånn, ja!» (linje 10). Dette er starten på ein lengre tur med diagnose og situasjon som tema. Responsen indikerer at informanten og eg endeleg er på linje med kvarandre. «Vippefaktorar» som inngang til skjønns-vurdering fungerer for oss begge. Vi kan sjå på resultatet av den innleiande ballvekslinga som *alignment* (jf. Stivers mfl., 2011), som kalibrering av deltakarperspektiv.

Når informanten har konstatert at det er vanskeleg å svara på generelt grunnlag, oppstår det ein liten pause (linje 13). I tillegg til utsegnsinnhaldet har konstateringa også ein modaliserande funksjon; ho fungerer som ein såkalla *hedge* (Arribas-Ayllon mfl., 2011, s. 68; jf. 3.3.2) – i dette tilfellet som etterhald. «Hva skal man ta, da?» spør informant vidare (linje 13). Spørsmålet kan både tolkast som ein strategi for å gi seg sjølv tid og som enda eit døme på *hedging*. Som retorisk verkemiddel signaliserer slik modalisering at framstillinga som følgjer, ikkje er den einaste moglege eller authoritative. Deretter presenterer informanten ei tenkt uføresak der diagnosen er artrose (linje 13–14). Som intervjuar har eg alt presisert spørsmålet eg stilte i starten av utdraget, med at eg er ute etter eksempel, men eg har ikkje sagt noko om at eksempla må ta utgangspunkt i diagnose.

At artrose ikkje kan kurera (Kåss & Kvien, 2021), er viktig for den retoriske funksjonen som eksempeldiagnose. Mangelen på behandlingspotensial er det «samlande» elementet i framstillinga og gjer dette til ei form for *logos*-argumentasjon (jf. Hoffmann, 2003: «*logos* as gathering/composition»). Informanten presenterer ei logisk moglegheit: «så er det jo ikke så fryklig mye man kan gjøre med sjølve det, med mindre ... de opererer inn en proteste» (linje 14–16). Utsegna impliserer noko som liknar eit syllogistisk slutningsmønster: NAV kan stilla krav til kva behandling som skal vera gjennomført. I og med at tilstanden i seg sjølv ikkje kan behandles, må eventuelt organet som er råka, fjernast og erstattast med ein protese. Informanten slår fast at NAV ikkje kan konkludera på denne måten (linje 16–17). Scenarioet der den einaste logisk og medisinsk moglege løysinga på problemet er realisert, blir avvist som urimeleg. Framstillinga baserer seg på argumentasjonsmåten vi kjenner som *reductio ad absurdum* («slutning attende til det urimelege»; jf. Briseid, 2021).

Ein føresetnad for at den impliserte slutningsrekka eg har identifisert over, kan fungera som *reductio*, er at framlegget om protese er å forstå som ei ekstremformulering («extreme case formulation»; jf. Arribas-Ayllon mfl., 2011, s. 68–69). Ekstrem-formuleringar er ein retorisk ressurs som typisk blir brukt når påstandar skal legitimera (Pomerantz, 1986, s. 219). Strategien trekkjer vekslar på ein moralisk orden (s. 228). Ekstremitet er ekstremt fordi det gjer oss akutt merksamme på grensene for det sosialt akseptable.

Vidare kan ekstremformuleringar vera eit signal om bruk av talefigurar som bryt med ein eller fleire av samarbeidsmaksimane som ifølgje Grice regulerer korleis samtalar skal førast (Svennevig, 2018, s. 70–71). Merknaden «med mindre ... de opererer inn en protese» bryt med oppriktigheitsmaksimen. Dette er karakteristisk for talefiguren ironi (Grice, 1989, s. 26–34; Svennevig, 2018, s. 73). Den som i fullt alvor tolkar moglegheita for å krevja proteseoperasjon som ei gangbar løysing, har oversett den retoriske strategien som er i sving. Informanten konstruerer eit problematisk scenario som fungerer som motsetnad til forsvarleg skjønnspraksis («actively construing and formulating the

problematic to use in producing an account» (Buttny, 1993, sitert i Arribas-Ayllon mfl. 2011, s. 64)).

Noko av det som ifølgje Kaufer (1977) kjenneteiknar ironien og gjer at han skil seg frå andre talefigurar som opererer med fleire meiningsnivå (metafor, allegori, osb.), er negasjonens rolle som retorisk verksamt prinsipp: Overflatemeininga – basert på «naiv» fortolking av utsegnsinnhald – blir motsagt på meiningsnivået ironisk fortolking skaper. Vidare impliserer ironi to ulike publikumsgrupper – dei som berre oppfattar det bokstavlege, og dei som «skjønner teikninga» (s. 97). Det er ulike oppfatningar av korleis ironi fungerer interaksjonelt (s. 94–96). Somme teoretikarar legg vekt på at ironikaren viser «an attitude of aloofness or detachment» (s. 95). Dette er truleg dekkjande for sarkisme, men ikkje all ironi er sarkastisk. Kaufer peiker på at den implisitte todelinga av publikum i praksis ofte er fullstendig irrelevant for den ironiske effekten. I mange tilfelle finst det ikkje noka naiv publikumsgruppe som blir gjort til «offer» for ironien (s. 95). Booth (1974) ser på ironi som primært fellesskapsstiftande: «The author I infer behind the false words is my kind of man, because he enjoys playing with irony, because he assumes my capacity for dealing with it, and – most important – because he grants me a kind of wisdom [...]» (s. 28). Ved å teikna eit vrengjebilde av NAV distanserer informanten seg frå ein implisitt samtaledeltakar som tar forslaget om å krevja proteseoperasjon for god fisk. Men denne implisitte naivisten eksisterer ikkje; hen er ein reint konseptuell motpol til meg, den faktiske samtaledeltakaren, som gjennom ironien blir invitert inn til fellesskap med dei som har dømmekraft.

Samtalar er kognitivt komplekse (Hopper, 2005), og sjølv korte innskotne merknader kan gi opphav til veritable flaumar av teori. Eg har analysert ei og same ytring som uttrykk for to distinkt ulike samtalestrategiar som i røynda glir over i kvarandre. I dette tilfellet byggjer logikkens *reductio* og retorikkens ironi på same føresetnad om at det proposisjonelle innhaldet skal oppfattast som ekstremt. Den som ikkje tar ironien, vil heller ikkje vera i stand til å henga med på *reductio*-slutninga.

Informanten følgjer opp med eit tillegg som stabiliserer tydingspotensialet i framlegget om å operera inn protese («som vi ikke kan kreve at de gjør»). Framstillinga sett under eitt er ikkje ironisk; ho er ikkje prega av den «moderne», perspektivoppløysande ironien som destabiliserer all meiningsproduksjon («a perpetual possibility of any speech act» (Colebrook, 2000, s. 22)). Det informanten viser, er at det finst ei grense for kva NAV kan krevja, og at proteseoperasjon er bortanfor denne grensa. Heilt i starten av intervjuet slår informanten fast at folketrygdlova § 12-5 inneber at «all hensiktsmessig behandling skal være forsøkt» (intervju 2, s. 1). Like etter utdrag A seier hen «at vi ... kan ikke [...] forvente at *a/t* forsøkes» (s. 3). Sett opp mot kvarandre kan dei to utsegne tolkast som sjølvmotseiande. Ei anna og minst like rimeleg tolking er at den siste utsegna gir oss ein nøkkel til å forstå adjektivet «hensiktsmessig» i den første: All *hensiktsmessig* behandling er ikkje det same som all *mogleg* behandling. Støtte for dette synet finn vi i eksempelet som leiar fram til konklusjonen om at ein må tenkja «litt <godt nok>» (linje 24). Informanten lanserer alder som vurderingsfaktor (linje 19–20). Dersom personen er 62 år og uansett har kort tid att i arbeidslivet, vil det vera relevant for vurdering av kva som er hensiktsmessig. Vedtaket kan ikkje gjerast berre på grunnlag av kunnskap om kva som er moglege behandlingsformer ved ein gitt diagnose. Den mangefasetterte situasjonen til den enkelte høyrer også med i vurderinga.

#### 4.1.1 Oppsummering

I analysen av det første utdraget har eg vore innom fleire av dei tematiske trådane som stekkjer seg på tvers av intervjeta. Gjennom å undersøkja eit rikt tilfang av retoriske verkemiddel og språklege samarbeidsstrategiar har eg lagt fundamentet for desse foreløpige konklusjonane:

- Kva hensiktsmessig behandling er, blir ikkje definert generelt og uavhengig av kontekst, men er knytt til konkretisering. Informanten seier at det er vanskeleg å svara på «generelt grunnlag». Denne typen etterhald mot generalisering går att i alle intervjeta. I materialet finn eg ingen tilløp til definering av hensiktsmessig behandling uavhengig av kontekst. Tvert imot understrekar informantane at all vurdering av kva som er hensiktsmessig, er knytt til dokumentasjon i enkeltsaker.
- Både kronologisk og logisk sett dukkar spørsmålet om diagnose opp tidleg hos alle informantane. Diagnose er ein nødvendig men ikkje tilstrekkeleg del av vurderingsgrunnlaget.
- Situasjon er eit produkt av mange faktorar (jf. 4.4 under). Det skal ha vore gjort reelle forsøk på behandling som kan endra på situasjonen. Vi har sett at informanten i utdrag A nemner alder som ein relevant faktor. Påpeikinga svarer med tilhøva som ifølgje rundskrivet til lova skal liggja til grunn i tillegg til diagnosen: «Det følger av fast og langvarig rettspraksis at det for yngre personer stilles særlig strenge krav til at det er gjort strukturerte og tilstrekkelig omfattende forsøk på behandling» (Arbeids- og velferdsdirektoratet, 2015/2024).
- Det finst grenser for kva krav NAV kan stilla. Når informanten gjer greie for desse grensene, bruker hen ironi og *reductio ad absurdum*. Hen konstruerer eit eksempel som ligg klart utanfor det NAV kan krevja. Hen viser ikkje konkret kor grensene går, men viser i staden til situasjonsbundne vurderingar i grenseland. Eksempelet kan tena som illustrasjon av Sorensen si påpeiking av grensetilfellet som konseptuelt grunnleggjande når ein skal gjera greie for vagheit (jf. 2.2 over).

## 4.2 «OK, sånn er det»

I utdrag A såg vi at informanten knytte vilkåret om hensiktsmessig behandling til ordparet diagnose og situasjon. Kategoriane går att som overordna vurderingskriterium i alle intervjuer. Diagnosen er ein generell komponent i vurdering av kva som er hensiktsmessig behandling: Han peiker i retning av etablerte behandlingsformer men seier lite om dei individuelle faktorane i saka. På spørsmål om kva som typisk vil vera hensiktsmessig behandling, legg alle informantane vekt på at dei treng informasjon om saks- eller situasjonsspesifikke faktorar i tillegg til diagnosen.

Av forvalningslova § 17 følgjer det at vurderingane må vera baserte på opplysningar som er relevante i den konkrete saka. Arbeids- og velferdsdirektoratets rundskriv (2015/2024) til kapittel 12 i folketrygdlova spesifiserer kva opplysningar det er snakk om, og korleis dei skal vera dokumenterte. Formålet med denne oppgåva er ikkje å slå fast at vurdering i uføresaker skjer på grunnlag av dokumentasjon; til det trengst det neppe nokon språkvitskapleg studie. Spørsmålet er kva kategoriar saksbehandlarane dannar seg på grunnlag av slik dokumentasjon, og korleis dei gjer greie for kva status ulike typar opplysningar har i vurderingsprosessen. Utdraget under er særleg interessant, fordi informanten gjer greie for noko som kan likna ein prosedyre med på førehand klart definerte steg.

### B (intervju 3, s. 1-2)

1 saksbehandler Det er ganske mange mange vurderinger vi tar i ulike  
2 felt, da ... Altså ... hver enkelt har en stor betydning,  
3 men hvis de medisinske vilkåra 'ikke er oppfylt, ...  
4 intervjuer Mm?  
5 saksbehandler ... så kan jeg ikke gå videre, for da blir det uansett  
6 et avslag.  
7 intervjuer Ja, sant?=  
8 saksbehandler =Så da stopper jeg opp i saksbehandlinga mi, for da ...  
9 har jeg allerede sagt at den her personen fyller ikke  
10 vilkåra, og da går jeg ikke over til neste punkt.  
11 intervjuer Nei, sant? ... nei, sant? Mm. Hvo... hvordan 'oppfatter  
12 du den formuleringa om at personen skal ha gjennomgått  
13 hensiktsmessig behandling [for] å bedre ...  
14 saksbeandler [mm] mm  
15 intervjuer ... inntektsevnen? Altså ...?  
16 saksbeandler Hensiktsmessig behandling, det kan jo ... Det som er greia,  
17 er at man kan ... Hvis man ikke 'jobber med det, da ... så  
18 kan man tenke at ... hvem er det som avgjør hva som 'er  
19 hensiktsmessig?  
20 intervjuer Mm=  
21 saksbeandler =Hvem er det som skal sitte med makta og si at det her er  
22 hensiktsmessig eller ikke?=  
23 intervjuer =Mm  
24 saksbeandler Men ... i sjølve saksbehandlinga så er det faktisk ikke  
25 sånn som det høres ut.  
26 intervjuer Okei?  
27 saksbeandler Eh ... fordi det er ...  
28 saksbeandler Vi er avhengige av den dokumentasjonen vi mottar, ...  
29 intervjuer Mm=  
30 saksbeandler =... og vi er avhengige av å lese den. Og ...  
31 vurdere ut ifra det som foreligger=  
32 intervjuer =Mm=  
33 saksbeandler =Så vi møter ikke 'mennesket.  
34 intervjuer Mnneeei=  
35 saksbeandler =Vi snakker ikke med mennesket.

36 intervjuer	Mm
37 saksbehandler	Vi vurderer det ut ifra dokumentasjonen som 'vi får, og da er det veldig viktig at det står konkret hva som er ... diagnosen ... Hva er utført av behandling? ... Hvordan har det funka? ...
38	
39	
40	
41	Har personen blitt bedre eller ikke bedre? ...
42	Er det faktisk 'nok behandling som er utført?
43 intervjuer	Mm=
44 saksbehandler	=Og så er det å vurdere: «Ok, sånn 'er det», på en måte ...
45 intervjuer	M=
46 saksbehandler	=Men så har vi de diffuse sykdommene, de diffuse lidelsene ... de er litt vanskeligere.
47	
48 intervjuer	Mm
49 saksbehandler	Så det er egentlig ikke så mye skjønn som brukes på 12-5.

Dette er tidleg i intervjuet. I linje 1–10 utdjupar informanten noko hen alt har sagt: at vilkåret om hensiktsmessig behandling må vera oppfylt for at hen skal «gå et steg videre» (intervju 3, s. 1). Det å ta stilling til dette er «det første jeg gjør i saksbehandlinga mi». I linje 5–6 gjentar hen at hen «ikke kan gå videre» med mindre dei medisinske vilkåra er til stades. I linje 8 forsterkar hen same poeng ved å slå fast at sakstilhøva medfører at hen «stopper opp» i saksbehandlinga og ikkje kan gå «over til neste punkt». Denne innleiingssekvensen dannar ei ramme der behandling av uføresaker blir framstilt som ein framgangsmåte med klare steg.

I linje 11–13 spør eg informanten om korleis hen oppfattar formuleringa i lovteksten om hensiktsmessig behandling. Tematisk liknar spørsmålet det eg stilte i utdrag A, men her er det informantens oppfatning eller forståing av uttrykket – ikkje typiske eksempel på tilfelle der behandlinga blir vurdert som hensiktsmessig – eg spør etter. At spørsmålet er formulert med utgangspunkt i forståing og ikkje konkrete eksempel, kan vera ei av årsakene til at abstraksjonsnivået i den umiddelbare responsen frå informanten er høgare enn i utdrag A. I linje 16–22 lanserer hen temaet *makt*. Dette er eit av dei få tilfella i materialet der dette er så eksplisitt.

I linje 17–19 konstruerer informanten ein tenkt person med ei forståingsramme som ber preg av at hen «ikke jobber med det». Narrativt fungerer denne personen som ein kontrast til informanten sjølv, som i kraft av erfaring har kunnskap om korleis det «faktisk» er «i sjølve saksbehandlinga» (linje 24). Vi ser tilsvarande kontrast i bruk av modalisering: Den tenkte motparten «kan tenke at ...». Både modalverbet og det epistemisk svake verbet «å tenke» posisjonerer subjektet annleis i høve til kunnskapsobjektet (saksbehandlingspraksis) enn informanten sjølv. Pronomenet «man» kan også tolkast som modalisering. Blant pronomena i det norske språket er det det mest generelle nettopp fordi det manglar fast referanse. Saman med dei andre modaliserande verke-midla kan det tolkast som ein strategi som skal visa det hypotetiske og reint *moglege* ved det propositionelle innhaldet i utsegna som representerer maktperspektivet. Dette står i kontrast til frasen «så er det faktisk ikke sånn som det høres ut». Her tolkar eg vektlegginga av *faktisitet* som ein retorisk motsetnad som skal førebu framstillinga av dokumentasjonens rolle i saksbehandlinga (frå linje 28). Spørsmålet i linje 18–19 er ei konstruert utsegn frå den konstruerte kontrastpersonen: Hen lurer på kven det er som avgjer kva som er hensiktsmessig. I linje 21–22 gjentar informanten spørsmålet i parafrasert form: «Hjem er det som skal sitte med makta og si at det her er hensiktsmessig eller ikke?» Mi tolking er at informanten formar framstillinga vidare i opposisjon til dette maktperspektivet. Sett under eitt fungerer kontrasten mellom den konstruerte motparten og informanten og dei respektive kunnskapsposisjonane retorisk som legitimering: Kunnskapen informanten sit med, gir hen høve til å utfordra maktperspektivet

med eit anna, dokumentasjonsbasert og meir autoritativt og sakssvarande perspektiv. Ifølgje maktperspektivet er saksbehandlaren ein som har makt til å avgjera, men i prosessen slik han «faktisk» er, har ikkje saksbehandlaren den typen makt ein utanforståande part kan få inntrykk av.

Linje 33–36 kan vi forstå som ein slags «mellomsekvens» (*insert sequence*, jf. Schegloff, 2007, s. 97–114) som skal ta hand om eit interaksjonelt behov før samtaledeltakarane tar opp att temaet i hovudsekvensen. Hovudsekvensen oppfattar eg som den som utviklar seg frå maktperspektivet i linje 16–22 og blir til ei framstilling av saksbehandlaren sin interaksjon med dokumentasjonen i saka. Mellomsekvensen hører dermed til delen av hovudsekvensen der tematikken «vender».

Mitt eige bidrag på dette punktet i samtalet er to turar der eg seier «mm», og ein der eg stadfestar informanten si konstatering av at saksbehandlarane («vi») ikkje møter «mennesket», med eit utdreve «mneeei». Saman dannar linje 33 og 35 ein parallelisme (eller «tankerim»; jf. Plaks, 1990). Ytringane er parallele både i den forstand at dei begge er negasjonar, og ved at dei inneheld substantivet «mennesket» – i det første tilfellet med emfatisk trykk. Ein annan stad i intervjuet fortel informanten at hen er «veldig opptatt av brukerperspektivet» (intervju 3, s. 11). Frustrasjon og irritasjon overfor NAV, hevdar hen, oppstår vanlegvis «på grunn av usikkerhet, at man ikke skjønner det» (s. 14). Det kan vera rimeleg å tolka denne mellomsekvensen som ein appell til noko liknande: Sjølv om framstillinga som følgjer, er prosedyreorientert og byråkratisk, skal ikkje det bety at informanten manglar empati. Sånn sett fungerer dette som ei form for grensedraging mellom ulike diskursar. Ved å skilja mellom saksbehandlingsdiskursen og den etiske diskursen kan informanten definera seg sjølv som kompetent deltakar i begge. Samtidig signaliserer hen at enkelte av omsyna som er viktige på det personleg-etiske området, ikkje alltid er relevante for oppgåvene hen har som profesjonsutøvar. Hen vedgår at brukerperspektivet eksisterer – at det finst ei innanfråoppleving av situasjonen –, men i denne samanhengen er det situasjonen som operasjonaliserbart vurderingskriterium som gjeld. Det hen viser, er *profesjonalitet*. Pronomenet «vi» kan tolkast som eit uttrykk for identifisering med profesjonsfellesskapet.

Fra linje 37 tar informanten opp att det eg oppfattar som hovudsekvensen. Siste del av utdraget blir såleis eit tilsvar til perspektivet i første halvdel. I linje 30–31 har informanten etablert dokumentasjonen i saka som er det riktige utgangspunktet for å forstå kva slags vurdering som blir gjort: «Vi er avhengige av å lese den. Og ... vurdere ut ifra det som foreligger.» Enda ein gong er det implisitte motperspektivet at saksbehandlaren er i ein maktposisjon. At informanten bruker låordet «foreligge» (fra tysk *vorliegen*) og ikkje eit av alternativa som er vanlegare i munnleg norsk, kan tolkast som retorisk forsterking typisk for forvaltingsspråk (jf. Laib, 1990, s. 447). Verbet har ein byråkratisk klang og er ført opp i den administrative ordlista til Språkrådet (2015/2017). Sett i lys av framstillinga elles bidrar ordvalet til å gi inntrykk av at vurderingane har særleg solid forankring i dokumentasjonen.

Dei ulike operasjonane i framgangsmåten som er beskrive fra og med linje 37, speglar den logiske strukturen i linje 30–31: Informanten listar opp kva hen treng at dokumentasjonen dekkjer. Først les hen dokumenta for å slå fast kva opplysningar som ligg i saka. Diagnosen er det første som må vera på plass. Vidare jamfører hen opplysningane med sjekklista som spørjesetningane impliserer. Behovet for informasjon om diagnose blir uttrykt i linje 38 og 39. Her har ytringa forteljande setningsform. Deretter følgjer fire spørjesetningar (linje 39–42).

Når informanten presenterer konklusjonen, går hen attende til forteljande setningsform (linje 44). Her tolkar eg setninga «OK, sånn er det» som eit døme på det er kallar konstruerte utsegner (jf. 3.2.2 over). Informanten «rapporterer» dokumentasjonen og si eiga stadfesting av at opplysningane hen ser etter, er på plass. Eg bit meg merke i emfatisk trykk på «er». Strukturen i framstillinga liknar ei sjekkliste, og forsterkande trykk markerer konklusjonen ekstra tydeleg. Samtidig hektar informanten på eit lite tillegg straks hen har slått fast at det er sånn: «på en måte ...». Dette modererer det potensielt bombastiske i utsegna og kan tolkast som eit signal om at det er snakk om ei sjølvmedviten framstilling av eit sakstilhøve som har fleire nyansar. Støtte for denne tolkinga finn vi i neste tur, der informanten peiker på at det ikkje er alle saker som er fullt så likeframme (linje 46–47).

Diagnosen er den første premissen i slutninga som har ført hit. På grunnlag av den har saksbehandlaren no kartlagt *korleis det er*; hen har fått etablert mykje av det som skal reknast som «de faktiske forhold» i saka, og dermed utført store delar av oppgåva hen har etter paragraf 25 i forvaltningslova.

Informanten markerer vurdering som tydeleg åtskilt steg med innleiingsfrasen «og så er det å vurdere» (linje 44). Her oppfattar eg «så» som tidsadverb: Ordparet «og så» plasserer dermed vurdering logisk og temporalt seinare i prosedyren enn stadfestingane som kjem i forkant. Slik eg tolkar framstillinga, slår ikkje vurdering inn før på det siste steget. Spørsmålet på linje 41 føreset ein binær relasjon mellom dei to eintydige og gjensidig ekskluderande tilstandane som syntaktisk er bundne saman med disjunksjonen «eller»: Anten har personen vorte betre, eller så har hen ikkje det. At spørsmålet berre har to moglege svar, byggjer opp under eit inntrykk av at saksbehandlaren følgjer ein fastlagd prosedyre der korrekt gjennomføring «genererer» riktig utfall heilt uavhengig av kven som gjennomfører den. Alt som trengst av vurdering på akkurat dette punktet, er å setja kryss på riktig stad. Vurderingane på dei tidlege stega i prosedyren er rein registrering av opplysningar. Vurderinga som kjem til slutt, er ei form for kompilering eller sammafattning av opplysningane som er registrerte undervegs. I motsetning til skjønnsvurdering blir også dette framstilt som ein enkel og tydeleg definert operasjon.

I linje 46–47 lanserer informanten eit tema som står i kontrast til dei eintydige og klare vurderingskriteria hen har gjort greie for fram til no: sjukdommane som er «diffuse». Motstykket til dette er adjektivet «konkret» i linje 38, der informanten understrekar at det er «veldig viktig at det står konkret» i dokumentasjonen kva svaret på dei ulike punkta i det eg har tolka som den implisitte sjekklista, er. Mens opplysningane som er «konkrete», blir framstilte som relativt greie å passa inn i prosedyren, er det verre med dei «diffuse». I linje 48 svarer eg med eit stadfestande «mm», før informanten i neste tur avrundar sekvensen med å slå fast at det «eigentleg» ikkje er så mykje skjønn i sving ved vurdering etter paragraf 12-5 i folketrygdlova (linje 49).

Dikotomien *konkret-diffus* går att fleire stader i intervjuet – og i dei to andre intervjuia. Seinare i intervjuet knyter informanten «de diffuse sykdommene» til «russakene», som også er vanskelege å vurdera. «Der kan man bruke skjønn», slår hen fast (intervju 3, s. 26). I begge typar saker gjer informanten greie for skjønnsrommet som eit produkt av at opplysningane i dokumentasjonen gjeld tilhøve som er diffuse og har uklare grenser. Vi ser altså at informanten framstiller skjønnsvurdering som noko som er kvalitativt annleis enn vurderingane som blir gjort i «konkrete» saker. Når opplysningane om diagnosen og situasjonen til personen er vanskelege å avgrensa mot andre tilfelle, blir det også vanskeleg å ta stilling til om behandlinga som er gjennomført, kan kategoriserast

som hensiktsmessig. Eg har brukt omgrepet *vagheit* om tilsvarende tilhøve (2.2 over) og peikt på at skjønnsrom og vagheit øg heng tett saman i språkfilosofiske framstillingar av fenomenet (Sorensen, 2023).

#### 4.2.1 Oppsummering

Eg har argumentert for at informanten i utdrag B gjer greie for vurdering etter § 12-5 i folketrygdlova som ein generativ prosedyre med faste steg. Diagnosen fungerer som den første premissen for stega vidare i prosedyren. Gjennom heile intervjuet legg informanten vekt på at det er dokumentasjonen i saka – ikkje hen sjølv som saksbehandlar – som avgjer kva vedtaket blir. Hen hevdar jamvel at vurdering av hensiktsmessig behandling *ikkje* er spesielt skjønnsprega; utfallet er snarare leia ut meir eller mindre direkte frå dokumentasjonen. Seinare i intervjuet uttaler same informant at vurderingane vanlegvis er baserte på eintydige opplysningar («enten så er det sånn eller sånn» (intervju 3, s. 22)). Saksbehandlarane baserer seg i utgangspunktet berre på dokumentasjonen dei har: «[L]urer vi på noe mer, så innhenter vi det» (s. 22). Framstillinga impliserer at skjønnvurdering er legen sitt gebet. På spørsmål om korleis saksbehandlarane fyller omgrepet hensiktsmessig behandling med konkret innhald, svarer informanten slik: «Men det er egentlig *legen* som vurderer» (s. 40).

Vi har sett mykje kontrastering. For det første lanserer informanten maktperspektivet som kontrast til saksbehandlarperspektivet, som er forankra i «faktisk» kunnskap om vurdering i uføresaker. Eg tolkar strategien som legitimering. Maktperspektivet er ein variant av brukarperspektivet, som er det informanten implisitt legitimerer seg overfor. Til å støtta opp under måten hen framstiller dei ulike perspektiva på, bruker hen kontrasterande modalisering. Maktperspektivet blir lagt fram med bruk av demparar. Saksbehandlarperspektivet ber preg av tilsvarende forsterking. Vi har også sett at informanten knyter adjektivparet «konkret» og «diffus» til omfang av skjønn.

Denne informanten er den einaste som nemner makt eksplisitt, og hen lanserer temaet som ein motsetnad hen kan forma si eiga framstilling av skjønnspraksis som respons på. Maktaspektet blir tona ned ved å visa til at det som rettsleg sett skal reknast som faktum i saka, følgjer av dokumentasjonen og den pålitelege prosedyren.

### 4.3 «Da må man kanskje se for seg en diagnose, da»

I begge utdraga eg har analysert så langt, stod diagnose sentralt. Under 4.1 tolka eg diagnose som minimumskontekst for at det skal vera mogleg for informanten å svara. Også i dette utdraget er diagnosen det første informanten tør til når eg spør etter eksempel på hensiktsmessig behandling.

#### C (intervju 1, s. 2)

1	intervjuer	Har du noe eksempel på hva som typisk vil være hensiktsmessig behandling?
2		Hm ..., da må man kanskje se for seg en ... en diagnose, da.
3	saksbehandler	Så hvis man tenker, man kan jo ta en person med fibromyalgidiagnose, for eksempel ... så vil man jo gjerne se etter om det er forsøkt ... noen form for ...
4		fysioterapi ... kanskje om det er forsøkt noen
5		psykomotorisk fysioterapi ... rehabiliteringsopphold,
6		gjerne med litt sånn teknikker for ... avspenningsøvelser
7		og litt sånn mestringeskurs, kanskje kognitiv terapi
8		Mm
9		eh ... og som samla sett ... for alle diagnosene og sjukdommer
10		så er det jo at vi ser om det er forsøkt over tid, da
11	intervjuer	Mm ... Og da er det mer sånne etablerte behandlingsformer
12	saksbehandler	du=
13		=Ja. Og så har vi jo også ... Vi også har jo noen hjelpemidler
14	intervjuer	for å kunne vurdere hva som kan anses som hensiktsmessig
15		med de forskjellige diagnosene
16	saksbehandler	Ja?
17		Vi har jo blant anna den kunnskapsbanken i
18		trygdemedisin ... som tar for seg de her kanskje litt ...
19	intervjuer	diffuse? og ... litt mer utfordrende sykdommene ...
20	saksbehandler	Og der nevnes det blant annet ... De har tatt for seg PTSD
21		og litt sånn diffuse nakkesmerter eller ryggsmerter og
22		fibro og ME. Så det er jo et fint verktøy for å se ...
23		hva det fra medisinsk hold også tenkes at er ... behandling
24		som kan gjennomføres, da
25		
26		
27		

Den logiske strukturen liknar utdrag A: Eg stiller eit spørsmål med omrent same ordlyd i begge utdraga, informanten søker avklaring av kva ein skal sjå for seg som diagnose, lanserer eit eksempel og baserer resten av framstillinga på det. Mens utdrag A var prega av motspørsmål og innleiande forhandling om tema, startar informanten i utdrag C med interjeksjonen «hm», ein ørliten pause og ei ytring med forteljande setningsform som kneset diagnose som nødvendig føresetnad for å svara.

Eg skriv at informanten *kneset* diagnose som føresetnad. Det er slik ytringa fungerer i sekvensen; informanten tar konsekvensen av sin eigen observasjon (linje 3) og held fram med å produsera eit eksempel (linje 4–5). Uavhengig av følgjene for framstillinga vidare er det grunn til å vera merksam på at konstateringa i linje 3 har sterke innslag av modalisering. Tydelegast er hjelpeverbet «måtte», som på proposisjonelt nivå markerer nødvendigheit. Interjeksjonen «hm» og ellipsen i starten av turen viser at informanten tar ein tenkjepause. Det kan ha fleire funksjonar. I tillegg til at informanten får ekstra tid til å forma eit svar, fungerer den markerte tenkjepausen som eit signal overfor meg – rimelegvis om at tematikken er vanskeleg, eller om at det hen kjem til å seia, ikkje skal tolkast som skråsikre eller endelege utsegner. Som modalisende verkemiddel trekker adverbet «kanskje» i same lei. Ytringa startar og sluttar med same ord: «da». Det betyr ikkje at funksjonen er den same i begge tilfella. Det første seier noko om samanhengen mellom spørsmålet og svaret; ordet er meir eller mindre synonymt med «i så fall».

Heilt til slutt står «da» som syntaktisk sjølvstendig uttrykk. Her fungerer det som presupposisjon (jf. Svennevig, 2018, 54–56) overfor meg; informanten føreset at eg aksepterer premissen om at vi må sjå for oss ein diagnose. Pronomenet «man» gjer at subjektet i setninga blir anonymt, og fører til at utsegna får eit generelt preg.

Vidare gjer informanten greie for kva hen typisk ser etter i dokumentasjonen i saker der diagnosen er fibromyalgi. Hen legg vekt på at vurderinga er basert på behandlingshistorikken «samla sett» (linje 12). Her er tidsaspektet viktig. I starten av intervjuet framstiller informanten folketrygdlova § 12-5 som «inngangsport for hvordan vi tenker ut resten av saken»: Utgangspunktet for søknad om uføretrygd er «at det har vært sjukdom over tid ... og gjerne forsøkt noe behandling over tid også» (intervju 1, s. 1). Seinare nemner hen situasjonar der legen har konkludert med at vidare behandling berre vil vera «oppfølging eller vedlikeholdsbehandling». Spørsmålet er om personen er «ferdigbehandla», i den forstand at det ikkje lenger er finst behandling som vil føra til «en så bedra funksjonsevne» (intervju 1, s. 3). Informanten framstiller altså ikkje bestemte behandlingsformer ved ein gitt diagnose som enkeltvise kriterium. Det som avgjer om vilkåret om hensiktsmessig behandling blir vurdert som oppfylt, er behandlingshistorikken og framtidutsiktene under eitt.

Etter å ha lansert fibromyalgi nemner informanten fleire konkrete behandlingsformer som kan vera aktuelle (linje 6–10). Eg følgjer opp med å spørja om det da er «mer sågne etablerte behandlingformer» hen siktar til (linje 14–15). Informanten svarer stadfestande før eg har fullført spørsmålet, og held fram med å fortelja at saksbehandlarane har «noen hjelpebidrar for å kunne vurdere hva som kan anses som hensiktsmessig med de forskjellige diagnostisene» (linje 16–18). Alle informantane nemner at NAV har ein kunnskapsbank i trygdemedisin som dei støttar seg på. I dette intervjuet er «den kunnskapsbanken» det første som dukkar opp som eksempel på aktuelle hjelpebidrar i saksbehandlinga (linje 20–21). Det er rimeleg å tru at behandlingsformene informanten nemner i linje 7–10, i stor grad speglar tilrådingane i kunnskapsbanken – «hva det fra medisink hold òg tenkes at er ... behandling som kan gjennomføres, da» (intervju 1, s. 2). Dette er fagressursar som forankrar forvaltningskjønnet i medisinsk diskurs, og som såleis fungerer som legitimering av saksbehandlarane sine vurderingar.

I denne oppgåva er det naturleg å sjå på slike fagressursar som knutepunkt i den intertekstuelle veven. For det første er vurdering frå «lege eller annet fagpersonell» eit av vilkåra for uføretrygd (folketrygdlova § 12-5 tredje ledd). Vidare går det fram av rundskrivet til lova at omgrepet hensiktsmessig behandling skal fortolkast i lys av «hvor langt legevitenskapen til enhver tid er kommet når det gjelder kunnskap om den aktuelle helseutfordringen og behandlingsmåter» (Arbeids- og velferdsdirektoratet, 2015/2024). Ressursar som kunnskapsbanken i trygdemedisin er såleis stader der rettsleg diskurs, forvaltningsdiskurs og medisinsk diskurs går i inngrep med kvarandre.

I linje 21–22 grip informanten til ein topos eg også identifiserte i utdrag B: «de her kanskje litt ... diffuse? og ... litt mer utfordrende sykdommene». Vi ser at informanten knyter det diffuse til *utfordringar*, men hen seier ikkje eksplisitt kven det diffuse er utfordrande for. Isolert sett er det ikkje urimeleg å tenkja at «PTSD og litt sånn diffuse nakkesmerter eller ryggsmarter og fibro og ME» (linje 23–25) er utfordrande for personen som har diagnosen, men her er det kunnskapsbanken i trygdemedisin som verktøy til å løysa utfordringar i saksbehandlinga som er tema (linje 25–27).

Grunnen til at kunnskapsbanken er verdifull som verktøy, er at han oppfyller eit behov «for å se ... hva det fra medisinsk hold òg tenkes at er ... behandling som kan gjennomføres, da» (linje 25–27). Her bit eg meg merke i passivformene, som eg tolkar som ein legitimeringsstrategi. Konstruksjonen «det tenkes» manglar logisk subjekt. Det fører til at vurderinga kan oppfattast som meir objektiv enn ho ville ha vore med ein annan subjekt-og-verbal-konstruksjon. Samtidig trekkjer dei modaliserande verkemidla i ytringa i ei anna lei. Verbet «å tenke» er epistemisk svakt, og modalverbet «å kunna» indikerer moglegheit. Informanten uttrykkjer seg varsamt: Jamvel om kunnskapsbanken er ein fagressurs med autoritativ informasjon om gitte diagnosar, inneheld han ikkje reglar om obligatorisk behandling.

På bakgrunn av det eg har skrive om utdrag B, er det interessant å sjå at begge informantane framstiller *det diffuse* som særleg utfordrande. Eg har alt etablert ei kopling mellom omgrepa og vist korleis både det diffuse og det vase er kjenneteikna av uklare grenser som gjer kategorisering vanskeleg (jf. 4.2 over). Informanten i dette utdraget bruker begge adjektiva. Alt tidleg i intervjuet seier hen at omgrepet hensiktsmessig er vagt: «[I] seg sjøl så er det jo ganske vagt, det ... ja ... det begrepet med hensiktsmessighet, da» (intervju 1, s. 1). Seinare utdjupar hen karakteristikken og seier at ordet, som «jo i utgangspunktet er ganske vagt», likevel seier ganske mykje «for oss som sitter med det» (s. 11). Forklaringa på at det er meiningsfullt for saksbehandlarane, er at det «er en så stor del av arbeidshverdagen vår». Tydingsinnhaldet – det som gjer omgrepet «hensiktsmessig behandling» mindre vagt – er såleis forankra i profesjonell praksis.

Jamvel om eg sjølv ser på det vase og det diffuse som nærsynonym med omtrent det same konseptuelle innhaldet, er eg usikker på om eg kan leggja same forståing til grunn når eg tolkar informantane. Vi har sett at omgrepet hensiktsmessig behandling blir karakterisert som «vagt», men når det er snakk om sjukdommar og diagnosar – som i utdraget eg analyserer her –, bruker informanten adjektivet «diffus». Utfordringane det vase og det diffuse fører med seg, liknar kvarandre: Kategorisering av opplysningar blir vanskeleg. Eg skal vera varsam med å hevda at informanten bruker orda synonymt, men konsekvensane for skjønnsutøvinga er dei same.

#### 4.3.1 Oppsummering

Diagnosens plass i narrativet er knappast overraskande. Arbeids- og velferdsdirektoratet (2015/2024) legg vekt på at opplysninga om diagnose er grunnleggjande for vidare vurdering fram mot vedtak: «At riktig diagnose stilles, er en forutsetning for å vurdere om det gjenstår behandling med en viss mulighet til bedring av inntektsevnen». I medisinsk diskurs er det å setja diagnose avgjerande for behandlingsløpet vidare. I mange tilfelle utløyer diagnosen også rettar som har forvaltningsmessige konsekvensar (pasient- og brukerrettighetsloven, kap. 2). Førestillinga om behandling utan innleiande diagnostisering kan jamvel oppfattast som absurd. Bonnin (2014) har undersøkt samtalar mellom behandlarar og pasientar i lacansk influert psykoanalyse, som avviser diagnostiseringspraksisen i tradisjonell medisin som ugrunna biologisering. Han slår fast at koplinga mellom diagnose og behandling er ein forventa del av interaksjonen (s. 24). Eg skal ikkje hevda at vurdering etter folketrygdlova § 12-5 er *umogleg* utan å ha diagnosar å gå etter, men for dei fleste, også informantane i denne studien, er diagnose og behandling tett vovne saman – både tematisk og kausalt.

Vi har sett at det er stor tematisk overlapp mellom utdraga eg har analysert. Likevel er det visse skilnader mellom legitiméringsmåtanane. Mens informanten i utdrag B baserer framstillinga si på dokumentasjon i enkeltsak, aktualiserer utdrag C ein annan type

intertekstuelle koplingar: Her gjer informanten greie for vurderingane sine med utgangspunkt i fagressursar knytte til diagnosen. I utdrag B blir soliditeten i saksbehandlinga sikra gjennom ein fastlagd kontrollprosedyre. I utdrag C låner informanten soliditet frå medisinsk diskurs. Begge strategiane fungerer som legitimering av profesjonspraksis, men den eine er saksspesifikk (partikulær) og den andre diagnosespesifikk (generell). Perspektiva supplerer kvarandre og dannar til saman eit rikare bilde av kva skjønnsvurdering i uføresaker er.

#### 4.4 «Du har det sånn og sånn og sånn»

Under intervjuet og i transkripsjonsfasen vart eg merksam på verbet «forsøke», som formeleg florerte i materialet. Med unntak av kopula og hjelpeverb er det aller mest brukte. I samanhengar der personen som søker uføretrygd, er tema, er det på suveren førsteplass. Grunnen til at eg ser på dette som ein interessant observasjon, er ikkje at analyse av enkeltord i seg sjølve er noko metodisk poeng, men at det gir ein peikepinn på korleis informantane gjer greie for brukaren sitt bidrag til utfallet i saka (jf. 3.3.1.1 over). NAV krev at uførekandidaten har gjort reelle forsøk på å endra på situasjonen som har ført til redusert inntektsevne. Det er nettopp dette vilkåret om hensiktsmessig behandling handlar om. Samtidig er det ikkje sånn at informantane einsidig legg vekt på uførekandidaten sitt ansvar for å endra på situasjonen; dei formulerer seg også på måtar som viser at kategorien situasjon har fleire etiske fasettar.

D (intervju 2, s. 11)

1 saksbehandler Og det er jo ... generelt sett, psykiske problem er jo ikke  
2 noe man kan krysse av på en liste og si ...: «Du har det  
3 sånn og sånn og sånn, du gjorde det og det og det»  
4 intervjuer Mm  
5 saksbehandler Så det hadde jo blitt ... veldig problematisk og forenkla  
6 i så fall.  
7 intervjuer Mm  
8 saksbehandler ... å forenkle en komplisert situasjon, det tror jeg ikke  
9 @@@ ... Det kommer til å ...  
10 intervjuer Når ... når du sier at ... at dere må se på «situasjonen»,  
11 sant?=  
12 saksbehandler =Mm=  
13 intervjuer =så er det den 'enkeltes ...  
14 saksbehandler den enkelte=  
15 intervjuer =livssituasjon? og=  
16 saksbeandler =Jaa, både sånn historie, sånn ... eh ... PTSD er en diagnose  
17 vi ser mye av, og da er det jo ... spesielt hvis de har  
18 bodd ... født og oppvokst i Norge, så er det jo gjerne  
19 traumer fra barndommen, og da må man jo se tilbake.  
20 Hva er det som er 'gjort fra barndommen. Har det vært  
21 oppfølging i BUP? Har de hatt tilrettelegging på skolen?  
22 Har PPT-tjenesten vært inne i bildet? Hvordan har  
23 forløpet vært hele vegen ... med skolegang? Har du 'klart å  
24 være på skolen? Har du 'klart å jobbe? Og hvis at det  
25 historiske ... Hvis det er veldig mye som er forsøkt og ...  
26 at de fortsatt i dag ikke fungerer, ... så er jo det ... sier  
27 jo det noe om situasjonen og ... og forutsetningene for at  
28 den personen ... Skal man da sende dem inn på DPS en tredje  
29 gang og forvente et annet utfall?  
30 intervjuer Mm. Mm  
31 saksbeandler Det er jo ... ja.  
32 intervjuer Mm ... skjønner ... (pause)

Sekvensen kan tena som eksempel på at intervju er samarbeid om meiningsproduksjon. Informanten har sagt at det er problematisk «å forenkle en komplisert situasjon» (linje 5–9), og eg interpellarer for å få høyra meir om kva han legg i ordet (linje 10–15). Ein kunne også tenkja seg at det er snakk om inntekts- eller helsesituasjon. Responsen på mi tentative kvalifisering med prefikset «livs-» er eit utdreve «jaa» og ein lengre tur som rekonstruerer ei vanskeleg livshistorie (linje 16–29).

I opptakta til utdraget har vi snakka om kva utslag det ville ha fått om vi i staden for det skjønnsbaserte systemet som vi har i Noreg, hadde vurdert retten til uføretrygd på

grunnlag av meir regelbaserte kriterium (intervju 2, s. 10–11). Informanten har lansert eit hypotetisk avkryssingssystem, og utdraget eg har valt ut over, er eit framhald av eit resonnement om at eit slikt system ville ha vore lite eigna i møte med personar med psykiske vanskar. I den første turen i utdraget slår hen fast at denne typen plagar «jo ikke er noe man kan krysse av på i en liste og si ... <Du har det sånn og sånn og sånn, du gjorde det og det og det>» (linje 1–3).

Parallelitten i setningsparet eg har gjengitt i hermeteikn, speglar tilhøvet mellom situasjonen (uføret) og forventninga om at personen skal ta ansvar for å gjera noko med problemkomplekset som fører til at det er vanskeleg å ha arbeid og inntekt. «Sånn og sånn og sånn» viser til ei skjematiske framstilling av faktorane som utgjer forståingskategorien situasjon, og «det og det og det» viser like skjematiske til tiltaka som skal ha vore sett i verk som råbot. Avkryssingssystemet er ein ironisk konstruksjon som har tilsvarende funksjon som vrengjebildet av NAV som er analysert under 4.1. Informanten tar avstand frå slike «problematiske og forenkla» ordningar (linje 5). Situasjonen er altfor komplisert til at løysinga er gangbar (linje 8–9). Latteren i linje 9 («@ @ @ @») er eit signal som forsterkar inntrykket av at informanten ikkje er villig til å ta slike framlegg til måtar å organisera uføretrygda på på alvor.

Informanten viser til eit mangfald av faktorar som til saman teiknar eit bilde av kompleksiteten i situasjonen (linje 17–25). «Sånn historie» (linje 16) inkluderer geografisk bakgrunn og barndom. Dersom utfordringane til personen heng saman med traumatiske opplevingar tidleg i livet, vil det vera relevant å sjå på kva slags oppfølging og tilrettelegging hen har fått frå det offentlege. Slik eg tolkar framstillinga, impliserer ho at slike oppfølgings- og tilretteleggingstiltak ofte vil vera dokumenterte. Forståingskategorien situasjon blir såleis konstruert mellom anna med utgangspunkt i tekstar som er produserte av ulike offentlege instansar og fagpersonar opp gjennom livsløpet.

Det er sterke etiske undertonar i framstillinga – og i mi omformulering av «situasjon» til «livssituasjon». Seinare snakkar informanten om «å <menneskeliggjøre> vedtak som er veldig juridiske» (intervju 2, s. 17), og om at vedtaksteksten bør skrivast sånn at han blir «litt mer sånn ... mellommenneskelig» (s. 18). Det vi får presentert i utdraget, er ei konsentrert forteljing om eit tenkt liv. Informanten fyller ut omgrepene «livssituasjonen» ved å peika på at det er mange variablar som kan vera relevante som vurderinggrunnlag. Hen samanfattar forteljinga med at alt dette seier noko «om situasjonen og ... og forutsetningene for at den personen ...» (linje 27–28). Informanten avbryt seg sjølv før hen har spesifisert kva slags føresetnader det er snakk om. Med tanke på det rettslege vilkåret er det *føresetnadene for å auka inntektsevna* som er avgjerande. Mi tolking av narrativet er likevel at korkje «situasjonen» eller «føresetnadene» kan isolerast til enkeltvariablar som til dømes inntekt eller helsemarkørar; vi høyrer om ein person som har gjort mange forsøk på å endra på situasjonen. Hen har prøvd men ikkje *klart* å ta utdanning eller å vera i jobb. Ingenting fungerer.

Sett i samanheng med det retoriske spørsmålet som følgjer etterpå (linje 28–29), peiker formuleringa om føresetnader mot ein veletablert topos i etisk argumentasjon: at «bør» impliserer «kan». Prinsippet blir ofte knytt til Kant (Robb, 2023, s. 14), men uttrykket *impossibilium nulla obligatio est* («det umoglege er inga plikt»; Fellmeth & Horwitz, 2021) har vore kjent i europeisk rettstradisjon heilt sidan romartida. I uføresaker betyr det at det vil vera moralsk og rettsleg problematisk å krevja at ein person som ikkje er i stand til å endra på situasjonen sin, likevel skal gjera det.

Framstillinga blir runda av med stadfestande mumling frå meg (linje 30) og ein kort tur der informanten slår fast at «det er jo ... ja» (linje 31). Responsen vi gir kvarandre, kan tyda på at vi er einige om at vi har nådd ein eller annan samforstand. I den siste turen i utdraget seier eg «mm ... skjønner ...» (linje 32). Etter denne sekvensen går eg vidare med spørsmål om eit nytt tema. Kva er det informanten har slått fast? Kva er det eg har skjønt? Demonstrativet «det» peiker rimelegvis attende til noko som er sagt tidlegare – men kva? Det er også uklart kva predikatet skal vera. Alt som er semantisk sikkert, er at *eitkvart er noko*.

«Det er jo ... ja»: Ytringa kan lesast med utgangspunkt i at «å sende dem inn på DPS en tredje gang og forvente et annet utfall», som informanten formulerte det i førre tur (linje 28–29), er anaforisk uttrykt tema. Denne lesinga er lett tilgjengeleg og plausibel, men prisen vi betaler for det eintydige, er at vi også gir avkall noko av den tematiske rikdommen i utdraget sett under eitt. Informanten og eg har forhandla oss fram til semje om at *det jo er ja* er ei adekvat oppsummering av det vi har snakka om. Ingen av oss tar initiativ til å bryta opp mangetydigheita. Ein kan nesten seia at sekvensen avsluttar med vel så store innslag av modalisering som av referensielt avklart tydingsinnhald.

Nerlich og Clarke (2021) har funne at *polysemy* ofte er eit viktig verkemiddel til konstruksjon av felles mening (s. 10). Det å halda fleire semantiske alternativ opne gjer interaksjonen kognitivt krevjande (s. 11), men det bidrar også til å gjera veften i meiningsveven sterkare («reinforcing the semantic links between the nodes in a network of senses», s. 1). Eg tolkar den tvitydige avslutninga av sekvensen som ein slik node i Nerlich og Clarke sin forstand, som eit forgreiningspunkt for fleire tema: for det første at «situasjonen» er ein svært samansett forståingskategori; for det andre at det er urimeleg om NAV krev at behandling som er prøvd og har mislykkast tidlegare, skal prøvast på nytt. Vidare indikerer andre sekvensar i same intervju at empati også er eit viktig tema. Informanten stiller to spørsmål i andre person – om «du» har *klart* å vera på skole og jobb (linje 23–24). Ein annan stad (intervju 2, s. 8) bruker hen «det du sliter med» i samanheng med uttrykket «totalsituasjonen». Mens «forsøke» helst blir brukt i tematisering av NAVs forventningar til den som søker uføretrygd, har verba «klare» og «slite» ei anna etisk lading; dei markerer eit anna perspektiv. Her er det situasjonen slik han blir opplevd innanifrå («brukarperspektivet»), som er tema. Samforstanden mellom informanten og meg handlar mellom anna om dette. Vi stadfestar gjensidig kvarandre som empatiske menneske med vilje til refleksjon over smerta i vår nestes livshistorie.

#### 4.4.1 Oppsummering

Det som fungerer som tematisk inngang til utdrag D, er eit felles tankeeksperiment: eit alternativt system der retten til uføretrygd blir vurdert ved hjelp av regelbaserte kriterium det kan kryssast av for, i staden for det skjønnsbaserte systemet vi har. Informanten avviser ideen – fordi systemet i uakseptabel grad måtte ha forenkla den kompliserte situasjonen til enkeltmennesket. Mi tolking av sekvensen under eitt er at informanten og eg samarbeider om å avdekkja eit etisk potensial som forvaltninga berre kan realisera gjennom bruk av skjønn.

# 5 Drøftingar

## 5.1 Hovudfunn

### 5.1.1 Koherens og konkretisering

Korleis blir det skapt koherens i utdraga eg har analysert? Sett under eitt er det ikkje vanskeleg å slå fast at det er stor tematisk overlapp mellom dei. Kategoriane diagnose og situasjon går att, og dette er representativt for heilskapen i materialet. Grunnen til at eg valde akkurat denne innfallsvinkelen, er at eg har kome til at tematikken er den som best integrerer mangfaldet av undertema. Slik har eg skapt koherens i mine data.

Sjølv om utdraga overlappar kvarandre tematisk, er det viktige skilnader i orientering. Eg har argumentert for at informanten i utdrag B er *prosedyreorientert*. Som legitimering fungerer dette analogt med legitiméringsstrategien i utdrag C, men der er informanten snarare *fagorientert*. I det eine tilfellet får den profesjonelle praksisen soliditet i kraft av rutinisert framgangsmåte; i det andre er det dei medisinske fagressursane saks-behandlaren har å støtta seg på, som fungerer som kvalitetssikring. Informanten i utdrag A og D kan karakteriserast som *kompleksitetsorientert*. I utdrag A lanserer hen eit hypotetisk scenario som tematiserer grensene for kva NAV kan krevja av borgarane. Argumentasjonsmåten og den retoriske strategien byggjer på eit konstruert ekstrem-tilfelle. Hen peiker ikkje ut grensa heilt nøyaktig, men bruker i staden eit eksempel som kan fungera som reiskap til «triangulering». Eg har hevda at framstillinga i utdrag D er mangetydig. Informanten og eg forhandlar oss fram til ein viss samforstand, men det er ikkje avklart kva tydingsinnhaldet i denne samforstanden er. I begge utdraga blir framstillinga til i aktiv utveksling med etisk kompleksitet.

Omgrepet hensiktsmessig behandling er aldri ikkje-konkretisert. Atterhald mot å svara generaliserande går att i alle intervjua. Enkelte gonger fiska eg etter definisjonar og generelle vurderingar, men eg lykkast ikkje. Til dømes spurde eg om hensikta med behandlinga (jf. 3.2.2). Premissen om at hensikta iallfall i teorien kan ha vore noko anna enn «å bedre inntektsevnen», gav ikkje atterklang. Eg fekk aldri noka abstrakt slutningsrekke til svar. Svaret eg fekk, handla om diagnosen, situasjonen og personen.

Grunnen til at informantane insisterer på diagnose og situasjon, er truleg at det nettopp er desse kategoriane som skaper samanheng i sakene. Dei er ei felles kjelde til koherens. Skilnader i orientering strukturerer koherensen i dei enkelte utdraga.

### 5.1.2 Retoriske ressursar

Eg har vist at informantane bruker eit stort spekter av retoriske strategiar og verke-middel. Saker som blir kategoriserte som «diffuse», er særleg utfordrande: Kategorien diffus oppstår som følgje av at kategorisering av diagnose og situasjon er vanskeleg. Kategorien «hensiktsmessig behandling» fungerer heller ikkje som vurderingskriterium når dei andre kategoriane i nettverket han høyrer til, ikkje heng saman i saumane. Som tema er kanskje *vanskar med kategorisering* minst like viktig som kategorisering? Informantane er medvitne om at dei kategoriserer. Det er det som er jobben deira. Derfor har dei laga kategorien «diffus» for sakene som ikkje passar inn kategoriane.

Eg har vist korleis modalisering, kontrastering og intertekstuelle ressursar fungerer som legitimeringsstrategiar i utdraga. I utdrag B er det særleg tydeleg at informanten bruker kontrastering som strategi for å visa korleis saksbehandlinga er forankra i «de faktiske forhold». Intertekstuelle ressursar speler ei viktig legitimiserande rolle i både utdrag B og C – men på kvar sin måte.

Modalisering er verkemiddelet som er mest samansett i formål og bruksområde. Informanten i utdrag B legg vekt på *faktisitet*, og modalisering er viktig for å markera avstand til maktperspektivet. Informanten i utdrag C uttrykkjer seg på ein måte eg kallar *epistemisk svak*. Det er naturleg å sjå dette i samanheng med at hen er fagorientert: Kan henda viser det at hen er varsam med alt som ikkje er evidensbasert? I utdrag A blir modalisering brukt i kombinasjon med ironi og logisk argumentasjon. Det bør ikkje vera overraskande: Modalitet er nettopp noko av det logikken handlar om.

## 5.2 Kva er skjønn?

### 5.2.1 Vagheit<sup>3</sup>, skjønnsrom og dømmekraft

Dette er replikken min i første tur etter utdrag B: «OK, du meiner *det*, ja?». For meg var det *opplagt* at lova medfører omfattande bruk av skjønn. Frå informanten sin ståstad er det berre i saker som er «diffuse», hen bruker skjønn. Dei fleste sakene er «konkrete». Ergo bruker hen ikkje så mykje skjønn.

Ifølgje informanten er det *legen* som (skjønns)vurderer (intervju 3, s. 40). Skjønn oppstår av vagheit (jf. Sorensen, 2023), og når legen har gjort si vurdering, skal det i prinsippet ikkje lenger vera vagheit att til saksbehandlaren. Det pussige er at informanten ser ut til implisitt å hevda vagheit kan rydjast av vegen. Seinare knyter hen oppfatninga av at vilkåret i lova er vagt og skjønnsmessig, til *kompetanse*: «Hvis man har for lite ... kunnskap, for lite kompetanse, så kan man kanskje sitte og lure mye mer» (s. 35).

Informantane er samstemde når det gjeld kunnskap og kompetanse som føresetnader for kvalitet i saksbehandlinga. Informant 3 er aleine om å gi uttrykk for at hen ikkje aksepterer premissen om at lova legg opp til skjønn. Fleire gonger presiserer hen at hen vanlegvis ikkje bruker skjønn (s. 2, 4, 21–23, 26, 31–38, 39–40). Temaet får stor plass i intervjuet – også fordi eg inviterer til det.

Det er ingenting som tyder på at skilnader i forståing av kva skjønn er, påverkar utfallet i sakene dei tre informantane behandler. Ifølgje seg sjølve kjenner dei seg stort sett sikre på vedtaka som blir skrivne (intervju 1, s. 10). Kva er det da som er på spel når det er viktig å fortelja meg at saksbehandlinga ikkje er skjønnsprega?

Skjønn er problematisk, og grunnen til at det er problematisk, er at skjønnet unndreg seg prosedyren. Prosedyren er påliteleg og mogleg å gjera greie for. Eg har argumentert for at informanten etablerer eit skilje mellom saksbehandlingsdiskurs og etisk diskurs, og at denne strategien gir hove til å definera seg sjølv som kompetent deltar i begge (4.2 over). Den profesjonelle unngår å blanda dei saman. Eit kjenneteikn på dømmekraft (*fronesis*, jf. 2.3 over) er at ein er prøver å forklara kva ein gjer. Her er informanten på linje med Fossheim (2015) og meg sjølv, men for informanten er slik dømmekraft *noko anna enn skjønn*. Skjønnet er negativt avgrensa mot det det er mogleg å gjera greie for. Skjønn er privat og vanlegvis taust. Sjølv om informanten og eg har ulik forståing av fenomenet skjønn, er vi einige om konsekvensane dømmekraft skal ha for saksbehandlinga:

<sup>3</sup> jf. 2.2, 4.2 og 4.3

Forvaltninga skal ikkje vera taus. Slik eg ser det, er distinksjonen mot det private nettopp eit teikn på informantens gode skjønn.

### 5.2.2 Skjønn og ansvar

Informanten i utdrag A og D har eg karakterisert som kompleksitetsorientert. Hen møter det vase med ny vagheit. I utdrag D blir hen og eg einige om at *det jo er ja* er ei adekvat oppsummering av det vi har snakka om (4.4 over). I utdrag A gjer hen greie for kor grensa for kva NAV kan krevja, går, ved å peika *utanfor* henne (4.1 over). Her er skjønn ei form for trianguleringskompetanse. Vidare bruker hen både ironi og *ad absurdum*-argumentasjon når hen skal forklara vurderingane hen gjer. I utdrag D er vi inne i eit felles tankeeksperiment. Informanten tar avstand frå det hypotetiske avkryssings-systemet hen har lansert, fordi det ville ha vorte «veldig problematisk og forenkla» (4.4).

Grunnen til at avkryssingssystemet er problematisk, er at det *ikkje* gir skjønnet nok rom. Motsetnaden mellom denne framstillinga og den i utdrag B er slåande. I begge tilfella er det etikk det dreier seg om. I utdrag A og D er det ansvaret saksbehandlaren har gjennom skjønnet, som sikrar forsvarlege vedtak.

Dette skjønnet er langt ifrå taust; det er snarare nokså snakkesalig. Informanten bruker komplekse retoriske strategiar til å gjera greie for vurderingane sine. Skjønn er ikkje-taus men særskilt omtentleg kunnskap. Slikt skjønn legg mykje ansvar til den enkelte.

## 6 Konklusjon

Skjønnsrom er etisk rom. Studien viser at folk har ulik romplan og møblering.

For somme er skjønnsrom allrom. For andre er det meir privat.

Mang ein bustad høver gjestfridommen.

Somme rom er uklart avgrensa mot andre rom.

I somme rom ligg fagbøkene framme.

Andre stader: skjema, lister, permar. Det er naborom til skjønnsrom.

Vegg: loddrett flate som skil mellom rom

Kan du høyra kva dei pratar om?

# Referansar

Arbeids- og velferdsdirektoratet (2015, endra 26. april 2024). *Rundskriv til ftrl kap 12 [sic] – uføretrygd*. Lovdata. <https://lovdata.no/nav/rundskriv/r12-00>

Arribas-Ayllon, M., Sarangi, S. & Clarke, A. (2011). Rhetorical discourse analysis. I M. Arribas-Ayllon, S. Sarangi & A. Clarke, *Genetic testing: accounts of autonomy, responsibility and blame* (kap. 4, s. 55–77). Routledge.

Bakhtin, M. (1998). *Spørsmålet om talegenrane* (S. Slaattelid, oms.). Ariadne forlag.

Bazerman, C. (2004). Intertextuality: How texts rely on other texts. I C. Bazerman & P. Prior (red.), *What writing does and how it does it. An introduction to analyzing texts and textual practices* (s. 83–96). Lawrence Erlbaum Associates.

Benson, P. (2014). Narrative Inquiry in Applied Linguistics Research. *Annual Review of Applied Linguistics*, 34, 154–170. doi: 10.1017/S0267190514000099

Berger, P. L. & Luckmann, T. (1991). *The Social Construction of Reality: a Treatise in the Sociology of Knowledge*. Penguin Books. (Opphavleg gitt ut i 1966)

Bohlin, H. (2009). Tyst kunskap: ett mångtydigt begrepp. I F. Svenaeus & J. Bornemark (red.), *Vad är praktisk kunskap?* (s. 55–84). Södertörns högskola.

Bonnin, J. E. (2014). Treating without diagnosis: psychoanalysis in medical settings in Argentina. *Communication & Medicine*, 11(1), 15–26.

Booth, W. C. (1974). *A rhetoric of irony*. University of Chicago Press.

Booth, W. C. (1982). Freedom of Interpretation: Bakhtin and the Challenge of Feminist Criticism. *Critical Inquiry*, 9(1), 45–76. <https://www.jstor.org/stable/1343273>

Bordal, G. & Hagemann, K. (2024, 14. feb.). Verb. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/verb>

Borges, J. L. (1998). The Aleph, i *Collected Fictions* (A. Hurley, oms.). Penguin. (Opphavleg gitt ut i 1949)

Braun, V. & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative Research in Psychology*, 3(2), 77–101. <https://doi.org/10.1191/1478088706qp063oa>

Briseid, E. M. (2021, 9. juli). Reductio ad absurdum. I *Store norske leksikon*. [https://snl.no/reductio\\_ad\\_absurdum](https://snl.no/reductio_ad_absurdum)

Chomsky, N. (1965). *Aspects of the Theory of Syntax*. The M.I.T. Press.

- Colebrook, C. (2020, 17. des.). Irony. I D. S. Lynch (red.), *Oxford Research Encyclopedia of Literature*. <https://doi.org/10.1093/acrefore/9780190201098.013.1074>
- Dall, T. (2020). Distribution of responsibility in inter-professional teams in welfare-to-work. *Nordic Social Work Research*, 10(1), 80–93.  
<https://doi.org/10.1080/2156857X.2018.1518818>
- Dysthe, O. (1997). Skriving sett i lys av dialogisme. Teoretisk bakgrunn og konsekvensar for undervisning. I L. S. Evensen & T. L. Hoel (red.), *Skriveteorier og skolepraksis* (s. 45–77). Landslaget for norskundervisning / Cappelen Akademisk Forlag.
- Dyvik, H. (2018). Brukes passiv? *Norgram-tall: data om norsk fra NorGramBank*.  
<https://norgramtall.w.uib.no/2018/02/28/brukes-passiv/>
- Erickson, F. (2011). The gatekeeping encounter as a social form and as a site for face work. I Candlin, C. N. & S. Sarangi, *Handbook of Communication in Organisations and Professions* (s. 433–454). De Gruyter Mouton.
- Fellmeth, A. & Horwitz, M. (2021). Impossibilium nulla obligatio est. I *Guide to Latin in International Law* (2 ed.). Oxford University Press. Henta 25. mai 2024 frå <https://www.oxfordreference.com/view/10.1093/acref/9780197583104.001.0001/acref-9780197583104-e-902>.
- Fitzpatrick, T. (1999). *Freedom and Security: An Introduction to the Basic Income Debate*. Macmillan.
- folketrygdloven (1997). *Lov om folketrygd* (LOV-1997-02-28-19). Lovdata.  
<https://lovdata.no/lov/1997-02-28-19>
- forvaltningsloven (1967). *Lov om behandlingsmåten i forvaltingssaker* (LOV-1967-02-10). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1967-02-10>
- Fossheim, H. (2015). Regler, begrunnelse og ansvar i forskningsetisk skjønn. I H. Fossheim & H. Ingierd, *Etisk skjønn i forskning* (s. 12–21). Universitetsforlaget.  
<https://doi.org/10.18261/9788215025162-2015-0>
- Fossheim, H. (2023, 30. juni). Fronesis. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/fronesia>
- Garnham, A. (2019). *The problem with means-testing*. Child Poverty Action Group.  
<https://cpag.org.uk/sites/default/files/files/policypost/The%20problem%20with%20means-testing%20-%20FINAL.pdf>
- Gitlin, D. V. (2022). Doorknob Moments: Why They Happen and How to Use Them. *Psychiatric Times*, 39(1), 24–25.  
[https://cdn.sanity.io/files/0vv8moc6/psychtimes/0c88943e98c27d94b01a5317509475d17ffbf697.pdf/PSY0122\\_ezine\\_v2 \(1\).pdf](https://cdn.sanity.io/files/0vv8moc6/psychtimes/0c88943e98c27d94b01a5317509475d17ffbf697.pdf/PSY0122_ezine_v2 (1).pdf)
- Goffman, E. (1967). On Face-Work. I *Interaction Ritual* (s. 5–45). Pantheon Books.
- Grice, P. (1989). *Studies in the way of words*. Harvard University Press.

Grue, J. (2024, 9. april). Figur (retorikk). I *Store norske leksikon*.  
[https://snl.no/figur\\_-\\_retorikk](https://snl.no/figur_-_retorikk)

Heum, I. (2014). *Skjønn: perspektiver på skjønnsutøvelse i Nav*. Gyldendal.

Halvorsen, K. & Hammerstad, G. T. (2021). Mellom ansvarliggjøring og autonomi: tilskriving av ansvar i interaksjon mellom brukere og veiledere i den norske arbeids- og velferdsetaten (NAV). *Språk och interaktion*, 5(5), 93–114. Helsingfors universitet. <https://hdl.handle.net/11250/2979126>

Hammerstad, G. T. (2023). Tematisk orientert diskursanalyse av redegjørelser: diagnostisk usikkerhet i genetisk veiledning. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 41, 333–356.  
<https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/3118631/07.pdf>

Heller, M. (2001). Discourse and Interaction. I D. Schiffrin, D. Tannen & H. E. Hamilton (red.), *The Handbook of Discourse Analysis* (s. 250–264). Blackwell.

Hoffmann, D. (2003). Logos as composition. *Rhetoric Society Quarterly*, 33(3), 27–53.  
<https://doi.org/10.1080/02773940309391258>

Holstein, J. A., & Gubrium, J. F. (2016). Narrative practice and the active interview. I D. Silverman (red.), *Qualitative Research* (s. 67–82). SAGE.

Hopper, R. (2005). A cognitive agnostic in conversation analysis: when do strategies affect spoken interaction? I H. te Molder & J. Potter, *Conversation and Cognition* (s. 134–158). Cambridge University Press.

Järvinen, M. (2005). Interview i en interaktionistisk begrebsramme. I M. Järvinen & N. Mik-Meyer (red.), *Kvalitative metoder i et interaktionistisk perspektiv: interview, observationer og dokumenter* (s. 27–48). Reitzel.

Jefferson, G. (2004). Glossary of transcript symbols with an introduction. I G. H. Lerner (red.), *Conversation Analysis: studies from the first generation* (s. 13–31). John Benjamins.

Jerkø, M. (2014). Det faktuelles rolle i rettsanvendelsen. *Lov og Rett*, 53(8), 445–464.  
<https://doi.org/10.18261/ISSN1504-3061-2014-08-02>

Jonassen, M. E. A. (2020, 7. okt.). Lovskriving handler om kompromisser. #SkrivRett, nr. 3. Universitetet i Oslo, juridisk fakultet.  
<https://www.jus.uio.no/cell/aktuelt/cell-student/skrivrett/lovtekst.html>

Justesen, L. (2005). Dokumenter i netværk. I M. Järvinen & N. Mik-Meyer (red.), *Kvalitative metoder i et interaktionistisk perspektiv: interview, observationer og dokumenter* (s. 215–234). Reitzel.

Kane, A. (2018). Navs begrunnelser av enkeltvedtak: Hvilke forhold kan påvirke utforminga av Navs enkeltvedtak, og hvilke konsekvenser kan det ha for brukernes rettssikkerhet? *Tidsskrift for velferdsforskning*, 21(4), 313–329.

- Kaufer, D. (1977). Irony and Rhetorical Strategy. *Philosophy & Rhetoric*, 10(3), 90–110.  
<https://www.jstor.org/stable/40237017>
- Kåss, E. & Kvien, T. K. (2021, 30. nov.). Artrose. I *Store norske leksikon*.  
<https://sml.snl.no/artrose>
- Laib, N. (1990). Conciseness and Amplification. *College Composition and Communication*, 41(4), 443–459. <https://doi.org/10.2307/357934>
- Linell, P. (1998). *Approaching dialogue: talk, interaction and contexts in dialogical perspectives*. John Benjamins.
- Linell, P. (2002). Perspectives, implicitness and recontextualization. I C. F. Graumann & W. Kallmeyer (red.), *Perspective and Perspectivization in Discourse* (s. 43–57). John Benjamins.
- Linell, P. (2011). *Samtalskulturer: kommunikativa verksamhetstyper i samhället* (vol. 1). Institutionen för kultur och kommunikation, Linköpings universitet.
- MacIntyre, A. (2007). *After virtue: a study in moral theory* (3. utgåve). University of Notre Dame Press. (Opphavleg gitt ut i 1981)
- Mandal, R., Dyrstad, K., Melby, L., Midtgård, T. (2016). *Omgjøring av vedtak i Nav og Trygderetten: omfang og årsaker*. Sintef.  
<https://www.sintef.no/prosjekter/2015/omgjoring-av-vedtak-i-nav/>
- meld. St. 33 (2015–2016). *NAV i en ny tid – for arbeid og aktivitet*. Arbeids- og sosialdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-33-20152016/id2501017/>
- Mik-Meyer, N. & Järvinen, M. (2005). Indledning: Kvalitative metoder i et interaktionistisk perspektiv. I M. Järvinen & N. Mik-Meyer (red.), *Kvalitative metoder i et interaktionistisk perspektiv: interview, observationer og dokumenter* (s. 9–24). Reitzel.
- NAV (2024, 21. mai). *Uføretrygd*. <https://www.nav.no/uforetrygd>
- Nerlich, B. & Clarke, D. D. (2001). Ambiguities we live by: towards a pragmatics of polysemy. *Journal of Pragmatics*, 33(1), 1–20.  
[https://doi.org/10.1016/S0378-2166\(99\)00132-0](https://doi.org/10.1016/S0378-2166(99)00132-0)
- Newmark, P. (1988). The Unit of Translation and Discourse Analysis. I *A Textbook of Translation* (kap. 6, s. 54–67). Prentice Hall.
- Nordrum, J. C. F. (2021). Arbeidet med juridisk klarspråk. I *Tidsskriftet Michael*, 18(26), 201–211.  
<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/93264/Arbeidet%2bmed%2bjuridisk%2bklarspr%C3%A5k.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

NTNU samfunnsforskning [2022]. *Hensiktsmessighet i folketrygdloven § 12-5 i et NAV-perspektiv (HENSIKT)*. Henta 9. okt. 2023 frå <https://samforsk.no/prosjekter/hensiktsmessighet-i-folketrygdloven-12-5-i-et-nav-perspektiv-hensikt>

Ochs, E. (1979): Transcription as theory. I E. Ochs & B. Schieffelin (red.), *Developmental pragmatics* (s. 43–72). Academic Press.

Oorschot, W. van (2002). Targeting welfare: on the functions and dysfunctions of means testing in social policy. I P. Townsend & D. Gordon (red.), *World poverty: new policies to defeat an old enemy* (kap. 7, s. 171–193). Policy Press.  
<https://doi.org/10.1332/policypress/9781861343956.003.0008>

pasient- og brukerrettighetsloven (1999). *Lov om pasient- og brukerrettigheter* (LOV-1999-07-02-63). Lovdata.  
<https://lovdata.no/lov/1999-07-02-63>

Persen, M. N. (2023). *En arbeidslinje for fremtiden* [tale av statsråden]. Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Henta 28. sep. 2023 frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/en-arbeidslinje-for-fremtiden/id2986185/>

Plaks, A. H. (1990). Where the Lines Meet: Parallelism in Chinese and Western Literatures. *Poetics Today*, 11(3), 523–546. <https://www.jstor.org/stable/1772825>

Polanyi, M. (1966). Tacit knowing. I *The Tacit Dimension* (s. 1–25). Doubleday & Company.

Pomerantz, A. (1986). Extreme case formulations: a way of legitimizing claims. *Human Studies* 9(2/3), 219–229. <https://www.jstor.org/stable/20008968>

Refsdal, E. S. (2008). *NAV Klage og anke – det nye klage- og ankeorganet i NAV* [masteroppgåve]. Universitetet i Oslo, juridisk fakultet.

regjeringen.no (2021). *Statsbudsjettet 2022: statens inntekter og utgifter*. Henta 6. okt. 2023 frå <https://www.regjeringen.no/no/statsbudsjett/2022/statsbudsjettet-2022-statens-inntekter-og-utgifter/id2873448/>

Robb, D. (2023). Moral Responsibility and the Principle of Alternative Possibilities, I E. N. Zalta & U. Nodelman (red.), *The Stanford Encyclopedia of Philosophy* (Winter 2023 Edition). <https://plato.stanford.edu/archives/win2023/entries/alternative-possibilities>

Roberts, C. & Sarangi, S. (2005). Theme-oriented discourse analysis of medical encounters. *Medical Education*, 39, 632–640.  
DOI: 10.1111/j.1365-2929.2005.02171.x

Sandell, L. (utan publiseringsdato). *Jag kan icke räkna dem alla* [salme nr. 397]. Psalmbok.fi. Evangelisk-lutherska kyrkan i Finland. (Opphavleg skriven i 1880). Henta 6. juni 2024 frå <https://psalmbok.fi/psalm-397-jag-kan-icke-rakna-dem-all/>

Sarangi, S. (2005). The conditions and consequences of professional discourse studies. *Journal of Applied Linguistics*, 2(3), s. 371–394.

Schartum, D. W. (2012). Legaldefinisjoner i nyere norske lover. I J. Hoel (red.), *Juridisk terminologi og noen språk i Norge – status og utfordringer* (s. 8–38), *Terminologen: Språkrådets skriftserie for terminologi og fagspråk*, utgave 1. Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/terminologen-1.pdf>

Schegloff, E. A. (2007). *Sequence Organization in Interaction: A Primer in Conversation Analysis*. Cambridge University Press.

Schei, T. (2024). ME-sykes erfaring med AAP og «hensiktsmessig behandling» 2024. Norges ME-forening. Henta 3. juni 2024 frå [https://www.me-forening.no/ressurser/me-foreningens-rapporter/nav-og-hensiktsmessig-behandling-2024/](https://www.me-foreningen.no/ressurser/me-foreningens-rapporter/nav-og-hensiktsmessig-behandling-2024/)

Scheuer, J. (2013). *Deltagelse og mægtiggørelse? En kritisk undersøkelse af samtale som ledelesredskab*. Syddansk Universitetsforlag.

Scott, M. B. & Lyman, S. M. (1968). Accounts. *American Sociological Review*, 33(1), 46–62. <https://doi.org/10.2307/2092239>

Skilbrei, M.-L. (2019). *Kvalitative metoder: planlegging, gjennomføring og etisk refleksjon*. Fagbokforlaget.

Smeby, J.-C. (2003). *Profesjonsfag, fagdisipliner og tverrfaglige felt*. Høgskolen i Oslo, senter for profesjonsstudier. <https://hdl.handle.net/20.500.12199/3117>

Sorensen, R. (2023, 27. okt.). Vagueness. I E. N. Zalta & U. Nodelman (red.), *The Stanford Encyclopedia of Philosophy* (Winter 2023 Edition). <https://plato.stanford.edu/archives/win2023/entries/vagueness/>

Språkrådet (2015, oppdatert 3. jan. 2017). *Administrativ ordliste bokmål–nynorsk*. <https://www.sprakradet.no/sprakhjelp/Skriverad/Nynorskhjelp/administrativ-ordliste/#F>

Språkrådet (2017, 18. april). *Anvendt forskning på nynorsk*. Henta 21. mai 2023 frå <https://www.sprakradet.no/svardatabase/sporsmal-og-svar/anvendt-forskning-pa-nynorsk/>

st.meld. nr. 9 (2006–2007). *Arbeid, velferd og inkludering*. Arbeids- og inkluderingsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-9-2006-2007-/id432894/>

Starfield, S. (2013). Researcher reflexivity. I C. A. Chapelle (red.), *The Encyclopedia of Applied Linguistics* (s. 1–7). Blackwell Publishing.  
DOI: 10.1002/9781405198431.wbeal1011

Stevanovic, M. (2013). Constructing a proposal as a thought:a way to manage problems in the initiation of joint decision-making in Finnish workplace interaction.  
*Pragmatics*, 23(3), 519–544. DOI: 10.1075/prag.23.3.07ste

Stivers, T. Mondada, L. & Steensig, J. (2011). Knowledge, morality and affiliation in social interaction. I T. Stivers, L. Mondada & J. Steensig (red.), *The morality of knowledge in conversation* (s. 3–24). Cambridge University Press.

Stuen, H. K. & Eriksen, E. O. (2008). *Skjønn, rettssikkerhet og uførepensjon* [arbeidsnotat]. Høgskolen i Oslo, senter for profesjonsstudier.  
<https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/handle/20.500.12199/3057>

Svennevig, J. (2018). *Språklig samhandling: innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse* (2. utg.). Landslaget for norskundervisning / Cappelen.

Terum, L. I. (2003). *Portvakt i velferdsstaten: om skjønn og beslutninger i sosialtjenesten*. Kommuneforlaget

Thomas, M. (2020). *Formalism and Functionalism in Linguistics: The Engineer and the Collector*. Routledge.

Tjora, A. (2020, 3. des.). Sosialkonstruktivisme. I *Store norske leksikon*.  
<https://snl.no/sosialkonstruktivisme>

Universitetet i Oslo (2023, 20. nov.). – *Maktens språk må være klart og forståelig* [pressemelding]. <https://kommunikasjon.ntb.no/pressemelding/18023589--maktens-sprak-ma-vaere-klart-og-forstaelig?publisherId=7849571>

Vanover, C. (2021). Transcription as a Form of Qualitative Inquiry. I C. Vanover, P. Mihas & J. Saldaña (red.), *Analyzing and Interpreting Qualitative Research: After the Interview* (s. 63–79). SAGE.


Weber, M. (1919). Wissenschaft als Beruf. I *Geistige Arbeit als Beruf. Vier Vorträge vor dem Freistudentischen Bund* (s. 3–37). Duncker & Humblot.  
[https://www.deutschestextarchiv.de/book/show/weber\\_wissenschaft\\_1919](https://www.deutschestextarchiv.de/book/show/weber_wissenschaft_1919)

Weinberg, D. (2008). Social Constructionism. I B. S. Turner (red.), *The New Blackwell Companion to Social Theory* (s. 281–299). Blackwell.  
<https://doi.org/10.1002/9781444304992.ch14>

Wheeler, M. (2020). Martin Heidegger. I E. N. Zalta (red.), *The Stanford Encyclopedia of Philosophy* (Fall 2020 Edition).  
<https://plato.stanford.edu/archives/fall2020/entries/heidegger/>

# Vedlegg

- 1: informasjonsskriv med samtykkeskjema
- 2: intervjuguide
- 3: merknader til transkripsjonane
- 4: transkripsjon av intervju 1
- 5: transkripsjon av intervju 2
- 6: transkripsjon av intervju 3



**NTNU**

Kunnskap for ei betre verd